

ÅRS- RAPPORT 2021



**Norges
musikkhøgskole**
Norwegian Academy
of Music

INNHALD

01	RAPPORT FRÅ STYRET	6–7
02	INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	10–13
03	ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	16–35
04	STYRING OG KONTROLL AV VERKSEMDA	38–43
05	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	46–51
06	ÅRSREKNESKAP 2021	54–76

01

ET
FRÅ

RAPPORT
STYRET

RAPPORT FRÅ STYRET

Sjølv om også 2021 blei prega av koronapandemien på NMH, har aktiviteten vore halde oppe heile året, med gode resultat. Eit nytt rektorat blei valt i februar, og starta opp 1. august, samtidig med eit nytt styre. Styret har halde fire møte i løpet av året, og i tillegg blei det arrangert digitalt seminar i desember.

UTDANNING

Smittesituasjonen sette grenser for aktivitetane på NMH gjennom størstedelen av året. Høgskolen har hatt ein privilegert posisjon i forhold til andre høgare utdanningsinstitusjonar, fordi så mykje av undervisninga har vore definert *ferdigheitstrening* og fått unntak frå kravet om å legge om til digital undervisning. Likevel har det vore mange tilpassingar. Studentar og tilsette har vist stor fleksibilitet i møte med skiftande smitteverntiltak.

Pandemien har prega studiesituasjonen til mange studentar over lang tid, noko som gir grunn til å følge med på trivselen, motivasjonen og den mentale helsa også i tida etter at tiltaka er fjerna. Ekstra midlar frå departementet til samtalepartnarar og studentassistentar (med ansvar for å legge til rette for sosiale aktivitetar og anna), har vore verdifulle i denne perioden.

Drifta ved NMH har same kva vore tilfredsstillande målt i produksjon av studiepoeng, eksamenar og fullføring av studium. Opptaksprøvene våren 2021, var i all hovudsak heildigitale, og ga verdifulle erfaringar å ta med til framtidige opptak.

Arbeid med revisjonar av studieplanar og utvikling av nye studium og emne, har halde fram med god framdrift også gjennom 2021.

FOU

Innanfor FoU har store delar av planlagde aktivitetar innan både kunstnarleg utviklingsarbeid og vitenskapleg forskning blitt forhindra på grunn av pandemien. Praktisk og kreativt samarbeid, reising og fagleg utveksling på

campus har vore skadelidande. Fleire har, som ein konsekvens av dette, fått forlenga arbeidsperiodar på ph.d.- og andre prosjekt, noko som inneber ekstra utgifter og større press på rom og lokale.

Stipendiatane har vore i ein særleg sårbar situasjon, med sterkt avgrensa sjansar til å byggje nettverk, nasjonalt og internasjonalt, frå heimekontora. Digitale seminar og konferansar og liknande har berre tildels kompensert for slike tap. Likevel ligg det ved inngangen til 2022 an til at svært mange stipendiatar får disputert i nær framtid.

ØKONOMISK SITUASJON

Den økonomiske situasjonen på NMH er god og delvis styrkt av innsparingar på grunn av lite reising, få store arrangement og anna gjennom pandemien.

Over tid har NMH, i likskap med mange institusjonar i sektoren, opparbeidd ei relativt stor avsetjing. 2021 blei det utarbeidd og vedtatt ein investeringsplan for delar av desse midla for perioden 2021-2026, som mellom anna omfattar oppgradering av kantine og auditorium, ombygging av elektrofonistudio, ein «black box»-sal og investering i nye instrument.

ORGANISASJON

NMH er ein institusjon i vekst, og det er stadig utfordrande at aktivitetsnivået sprengjer romkapasiteten på huset i Slemdalsveien. I tillegg til leigde kontorlokale i Furuholmengården, blir fleire kor-, orkester- og bandprosjekt lagt utanfor campus.

I 2021 leverte Statsbygg ei konseptvalutgreiing til Kunnskapsdepartementet som tilrådde ein auke på rundt 7000 kvadratmeter. Denne er vurdert av eit eksternt kvalitetssikringsbyrå, og prosessen vil gå vidare i 2022 og framover.

Ei sentral, fagleg oppgåve i tida som kjem, blir å utnytte effekten av og implementere dei gode resultatane

frå CEMPE (Center of Excellence in Music Performance Education) i organisasjonen, før senteret skal avviklast ved utgangen av 2023.

AMBISJONAR FRAMOVER

Med eit nytt rektorat, blei også leiarane for hovudutvala og fleire andre utval fornya, og fleire nye fagseksjonsleiarar kom til. I tillegg til å kome inn i oppgåvene, har den faglege leiinga hausten 2021 mellom anna utarbeidd nye prioriterte tiltak, basert på hovudstrategien *I samspill*, som gjeld fram til 2025.

Eit viktig arbeid i nær framtid vil vere å revidere studiedimensjoneringsplanen med mål om at utdanningane ved NMH skal vere endå betre retta inn mot musikkarbeidsmarknaden i framtida. Omsyn til mangfald og kjønnsbalanse skal vere aktivt med i rekrutteringa av tilsette og studentar. Overordna er ambisjonen å ta vare på

NMHs rolle som forvaltar både av sterke musikalske tradisjonar og «cutting edge» verksemd innan kunstnarleg utviklingsarbeid og vitenskapleg forskning, gjerne tverrfagleg og med bidrag frå ekstern finansiering.

På FoU-feltet blir det tatt grep for å i endå større grad stimulere og leggje til rette for delings- og samarbeidskultur, mellom ph.d.- og masternivå og FoU-delen i stillinga til fagleg tilsette. I dette vil sentra ved NMH ha ei aktiv rolle og styrka mandat.

Musikkhøgskolen er òg inne i ein prosess for å bli sertifisert som miljøfyrtårn, med prosjektet *Grønt NMH* som drivande kraft.

Styret vil rette ein takk til studentar og tilsette for godt arbeid gjennom stadig skiftande omstende gjennom 2021.

Oslo, 23.02.2022


Astrid Kvalbein


Cecilie Ohm


Inga Bostad


Stein Bjelland


Svein Tore Samdal


Tor Espen Aspaas


Håkon Kvidal


Tanja Orning


Miriam Rintelen


Anna Berg


Iver Bunkholt

02

KSJON TIL

DA OG

L

INTRODUK

VERKSEMD

HOVUDTAL

SAMFUNNSOPPDRAG

Norges musikkhøgskole (NMH) er ein vitskapeleg høgskole og husar det største fagmiljøet i landet i musikk.

NMH tilbyr høgare utdanning i musikk, basert på forskning og erfaringskunnskap. Vi driv med fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå, og formidlar resultatane av verksemda vår ute i verda.

Vi har ein mangfaldig musikkarv vi er stolte av, og som er med på å identifisere oss. Denne skal vi ta vare på og verne om. Samtidig må vi både utnytte og utfordre tradisjonane våre når vi skal skape nye musikalske fellesskap i eit samfunn i rask endring. Vi er forvaltarar og ikkje museumsvaktarar. Om den musikalske arven skal vere levedyktig og relevant i framtida, må vi vere opne for stadig nye uttrykk og musikkformer.

Utdanningane på NMH skal gi eit solid fundament for ein profesjonell karriere innan musikk. Dei skal òg gjere studentane i stand til å ta gode karriereval seinare i livet. Slik bidrar NMH til at Norge i framtida har eit sterkt og levedyktig musikkliv, der alle er velkomne og kan ta del.

Vi dyrkar og skaper kunst fordi kunst er viktig i seg sjølv. Samtidig stimulerer vi til eit rikare musikalsk samfunn på mange arenaer. Studentane våre går ut med ulike kompetanse innan utøvande, skapande, pedagogisk og terapeutisk musikkutøving, og vi driv fram og bygger forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå.

På NMH utdannar vi instrumentalistar, songarar, kyrkjemusikarar, dirigentar, komponistar, musikkteknologar, pianostemmarar, musikkpedagogar og

musikkterapeutar. Vi arbeider innanfor ei stor vifte av sjangrar, med tyngdepunkt i klassisk, samtidsmusikk, jazz og folkemusikk.

På NMH kan studentane ta bachelor, master og doktorgrad i musikk – i både utøvande og teoretiske emne. I tillegg tilbyr vi årsemne og vidareutdanning frå 10 til 60 studiepoeng, for dei som ønsker fagleg påfyll.

NMH held til på Majorstua i Oslo og er ein av dei største konsertarrangørane i landet. Lokala våre er mellom dei mest moderne for musikkutdanning i Europa. Vi har flotte konsertsalar, lydstudio, eit stort musikkfagleg bibliotek og ei rik samling av historiske instrument. Med godt utstyrte spesialrom for undervisning, musikkforskning og kreativitet har studentar og tilsette mange ressursar, samstundes som det at vi veks, har gjort oss trongbudde..

DEPARTEMENTSTILKNYTNING

NMH ligg under Kunnskapsdepartementet som ein sjølvstendig vitskapeleg høgskole. ●

HOVUDTAL

STUDENTAR	2018	2019	2020	2021
Registrerte studentar totalt	841	814	770	834
Registrerte studentar på bachelor og vidareutdanning	579	571	540	586
Registrerte studentar på master	262	243	230	248
Antall primærsøkarar	1602	1629	1528	1615
Antall søkarar per plass på bachelor ¹	8,3	11,1	9,4	7,8
Antall søkarar per plass på master ¹	4,0	6,7	6,1	3,8
Aktive stipendiatar	32	46	49	53

1. Plass er her definert som søkarar som takkar ja til tilbod om plass. Talet på primærsøkarar gjekk opp frå 1528 i 2020 til 1615 i 2021, samstundes gjekk talet på søkarar per studiepoeng ned både til bachelor og master. Dette skuldast at NMH i 2020 fekk tildelt nye studiepoeng, og talet på søkarar i 2021 fordelte seg ut over fleire studiepoeng enn tidlegare.

ÅRSVERK	2018	2019	2020	2021
Totalt	211,62	217,76	224,96	232,88
Menn	119,56	120,42	124,66	127,36
Kvinner	92,06	97,34	100,30	105,52
Kvinneandel	43,5 %	44,7 %	44,6 %	45,3 %

KOSTNADER	2018	2019	2020	2021
Totalt	286 119	307 573	305 491	312 978
Løn	172 943	188 590	191 094	197 482
Løn prosentandel av totalt	60,4 %	61,3 %	62,5 %	63,1 %
Husleige	54 235	56 215	60 273	60 798
Husleige prosentandel av totalt	19,0 %	18,3 %	19,7 %	19,4 %
Andre driftskostnader	58 941	62 768	54 123	54 698
Andre driftskostnader prosentandel av totalt	20,6 %	20,4 %	17,7 %	17,5 %

Beløp i 1000 kroner

ORGANISERING

STYRET

Styret er NMHs øvste organ. Rektor er leiar av styret. I tillegg har styret 10 representantar: Fire eksterne representantar, nemnd opp av Kunnskapsdepartementet, og interne representantar valde av tilsette og studentar; tre frå dei kunstnarlege og vitskapelege tilsette, ei teknisk-administrativt tilsett og to studentar.

LEIINGA

Leiinga ved NMH er rektoratet og direktøren. Rektoratet blir valt av studentar og tilsette for fire år. Nytt rektorat blei valt 4.–10. februar og start opp 1. august:

Det nye rektoratet er:

- Rektor Astrid Kvalbein.
- Prorektor Eyolf Dale.
- Viserektor for forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid Sidsel Karlsen.
- Viserektor for utdanning Gunnar Flagstad (Morten Halle vikar fram til 31.12.).
- Direktør Tove Tvedt Blix.

HOVUDUTVALA

Faglege spørsmål blir behandla i hovudutvala. Studieutvalet har ansvar for å utvikle, leggje til rette og implementere, kvalitetssikre og evaluere utdanningstilbodet. FoU-utvalet skal initiere, prioritere og evaluere og leggje til rette for kunstnarleg utviklingsarbeid, forskning og anna fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid. Begge disse utvala har vedtaksrett. Det rådgjevande Konsertutvalet skal sjå konsertane ved NMH i ei større samanheng, vere ein pådrivar og eit diskusjonsforum for idear og tema knytt til konsertane.

FAGSEKSJONSLEIARAR

Tilsette i kunstnarlege og vitskapelege stillingar er organiserte i sju fagseksjonar. Fagseksjonsleiarane følgjer rektoratsperioden, og nye fagseksjonsstillingar blei lyst ut internt med tilsetting frå 1. august. For perioden 2021–2025 er fagseksjonsleiarane:

- Fagseksjon for strykarar og harpe – Isabelle Perrin.
- Fagseksjon for dirigering, song og kyrkjemusikk – Frank Havrøy.
- Fagseksjon for improvisert musikk, jazz og folkemusikk – Håkon Storm-Mathisen.

- Fagseksjon for musikkteori, komposisjon og musikkteknologi – Victoria Jakhelln.
- Fagseksjon for blåsarar og slagverk – Matz Pettersen (til 01.10.), Tomas Nilsson (frå 01.10.).
- Fagseksjon for klaver, akkompagnement, gitar og akkordeon – Lina Braaten.
- Fagseksjon for musikkpedagogikk og musikkterapi – Kristin Kjøberg.

NMHS SENTER

Forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid er organiserte i tre forskingssenter. I tillegg har vi eit senter for framifrå utdanning som utviklar kunnskap om undervisning og læring i høgare musikkutdanning.

- Arne Nordheim-senteret (Arne Nordheim Center for Artistic Research – NordART) – Senterleiar: Darla Crispin (til 31.07.), nestleiar Ellen Ugelvik.
- Senter for utdanningsforskning i musikk (Center for Educational Research in Music – CERM) – Senterleiarar: Siw Graabræk Nielsen og Sidsel Karlsen.
- Senter for forskning i musikk og helse (Center for Research in Music and Health – CREMAH) – Senterleiar: Karette Stensæth.
- Senter for framifrå utdanning i musikkutøving (Centre of Excellence in Music Performance Education – CEMPE) – Senterleiar: Jon Helge Sætre (til 31.07.), Ellen Mikalsen Stabell (frå 01.08.).

ADMINISTRATIVE SEKSJONSLEIARAR

Tilsette i administrative og tekniske stillingar er organiserte i seks seksjonar med direktøren som øvste leiar. Dei administrative leiarane er:

- Biblioteket – Johan A. S. Jørgensen.
- Seksjon for drift og IKT – Robert Haugan.
- Seksjon for kommunikasjon og samfunnskontakt – Kjetil Bjørgan (til 08.10.), Ingrid Holst Sollie (frå 09.10.).
- Seksjon for konsert- og arrangementsproduksjon – Lars Holmen Kurverud.
- Seksjon for økonomi, personal og arkiv – Ann Hilde Nes.
- Studie- og FoU-seksjonen – Camilla Sønstabø Thorkildsen.



03

ÅRETS

AKTIVITETER

OG RESULT

TAR

LTAT

INNLEIING

2021 bar preg av organisatoriske endringar som følge av rektorval, tilsetting av nye fagseksjonsleiarar, oppnemning av nye hovudutval og val av nytt styre. I tillegg hadde koronapandemien ein betydeleg effekt på verksemda vår.

I lys av det vedtok styret å redusere prioriteringane i 2021 til følgende overordna tiltak:

- + Fullføre revisjon av studieplanen for det utøvande masterstudiet og sette i gang nytt tilbod frå hausten 2021.
- + Bygge vidare på erfaringar frå koronaperioden og sette i verk tiltak som tar hand om kompetanse og kvalitet i bruk av digitale verkty i alle delar av verksemda.
- + Oppretthalde beredskap og smitteverntiltak rundt koronapandemien i tråd med anbefalingane frå myndighetene, og sikre ein gradvis og kontrollert overgang til normal verksemd når situasjonen tillatar det.
- + Gjennomføre val til rektor, prorektor og styremedlemar og sikre ein effektiv overgang til ny fagleg leiing frå hausten 2021.
- + Utvikle ein handlingsplan med konkrete mål og ambisjonar for å redusere NMHs klimaavtrykk.

Tiltaka skulle sikre at vi kunne halde i gang kjerneverksemda gjennom denne kritiske fasen, og fokusere på å oppnå måla i utviklingsavtalen og i vedtekne strategidokument.

Kapittel 3 er delt inn i 5: utviklingsavtalen, pandemien, utdanning, kunst og vitskap, kommunikasjon og formidling og organisasjon og drift.

UTVIKLINGS- AVTALEN

NMHs utviklingsavtale gjeld for perioden 2019 til våren 2022.

Her omtaler vi status for dei ulike tiltaka og måla i utviklingsavtalen, innafor kvart av dei fire hovudområda.

Hovudmål 1

NMHs studieportefølje skal vere relevant og tilpassa samfunnsbehova og eit musikkliv i endring. NMH skal samstundes bidra til å koordinere og samordne det nasjonale musikk- og kunstutdanningstilbodet.

ENDRING

NMH har sett i gang eit forskingsprosjekt under tittelen *Musikkarbeidsmarked i endring*. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid mellom tilsette ved NMH og forskarar ved andre institusjonar. Det tar sikte på å kartlegge endringsprosessar knytt til mellom anna teknologi og digitalisering, globalisering, strukturelle forhold i samfunnet, og kva konsekvensar slike endringar har for yrkesroller og arbeidsmoglegheiter i musikklivet. Prosjektet er i avslutningsfasen og resulterer våren 2022 i ein fagfelle-vurdert antologi som vil bli publisert i bokform, men som òg vil vere fritt tilgjengeleg i ein digital versjon.

Prosjektet vil kunne bety noko for den vidare utviklinga av studieporteføljen ved NMH, men direkte oppfølging av forskingsarbeidet vil måtte skje etter utløpet av den gjeldande utviklingsavtalen.

REVISJON AV STUDIEPORTEFØLJEN

Det er sett i gang arbeid med revisjon av studieporteføljen, og så langt er det det særleg arbeidet med utvikling av dei frie studia, det vil si det frie bachelorstudiet og ei nyoppretta fri studieretning innanfor masterstudiet i

utøving med studentopptak frå hausten 2021. Dei frie studia skal særleg kunne fange opp nye utviklingstrekk i musikklivet og i interessene til søkerane, også nye søkargrupper. Det er også i gang ein større revisjon av det utøvande masterstudiet, som er det største av masterstudia ved NMH. Sjå nærare omtale side 22. I 2022 vil det bli arbeidd vidare med grundig gjennomgang av NMHs samla studietilbod. Det vil resultere i ein revisjon av studiedimensjoneringsplanen, som sist blei revidert i 2011.

SAMARBEID

Samarbeid og arbeidsdeling innanfor norsk musikk- og kunstutdanning er stadig eit tema i dei etablerte samarbeidsfora. NMH har i tillegg eit mål om å inngå bilaterale avtalar om samarbeid og arbeidsdeling med minst tre norske institusjonar i utviklingsplanperioden. Det har vore samtalar om dette med fleire institusjonar. Foreløpig er det inngått avtale knytt til musikkterapi- og musikk og helseutdanninga med mellom anna Universitetet i Bergen gjennom *Polyfon kunnskapsklynge*, og ein avtale med Det humanistiske fakultet ved NTNU om musikkpedagogisk utdanning knytt til NTNUs Institutt for musikk. Ein avtale om vidare samarbeid mellom NMH og Barratt Due musikk-institutt er på det næraste klar, og vi reknar med å skrive under våren 2022. Utviklinga av dette samarbeidet mellom NMH og Barratt Due musikk-institutt er støtta av SAKS-løypinga frå Kunnskapsdepartementet i 2019.

DIGITALISERING

Det er sett i gang eit omfattande digitaliseringsprosjekt for perioden 2020–2022, som både legg vekt på digitale undervisningsverktøy og større vekt på digitale verktøy i det faglege arbeidet. På grunn av koronapandemien, har arbeidet med digitale undervisningsverktøy fått stor merksemd i 2020 og 2021, samstundes som andre delar av handlingsplanen har blitt nedprioritert. Vi legg opp til at heile handlingsplanen i digitaliseringsprosjektet i størst mogleg grad blir gjennomført innan utløpet av 2022.

ETTERUTDANNING

Den planlagde auken av etterutdanningsverksemda har hatt ein pause i 2020 og 2021 på grunn av koronapandemien. Auka satsing på digitale læringsformer innan etterutdanning, og utvikling av slike tilbod er også ein del av handlingsplanen i digitaliseringsprosjektet, som nemnt over. Samstundes er mange av fagområda ved NMH avhengig av tilgang til instrument, utstyr, og at folk er fysisk tilstade, noko det har

vore vanskeleg å planlegge for i 2020 og 2021.

UTVEKSLING

Den auken i talet på utreisande utvekslingsstudentar det står om i målet i utviklingsavtalen, blei nådd både i 2019, 2020 og 2021, trass at koronapandemien har sett nokre grensar for aktiviteten i 2020 og 2021. Vi tar sikte på å halde volumet ved lag også i 2022.

Hovudmål 2

NMH skal styrke kvaliteten i FoU-verksemda, med særleg vekt på å utvikle evna til å kunne konkurrere om ekstern FoU-finansiering.

EKSTERN FINANSIERING

Målet om å etablere og sette i gang minst fire større FoU-prosjekt med ekstern finansiering og med nasjonale og/eller internasjonale samarbeidspartnarar i løpet av utviklingsavtaleperioden, blei nådd allereie i 2020. NMH arbeider vidare med sikte på fortsatt auke i eksternfinansiering av FoU-prosjekt i 2022 og åra framover. Sjå nærare omtale side 26.

KUNSTNARLEG PH.D.

NMH etablerte eit eige ph.d.-program i kunstnarleg utviklingsarbeid i 2018. Programmet har god utvikling med høge søkartal og stabil og god gjennomstrømming. Likevel har NMH foreløpig for få stipendiatstillingar til dette programmet, og vi viser til budsjettinnspelet for 2023 for nærare omtale.

NMH er ein sentral aktør, både nasjonalt og internasjonalt, i arbeidet med å utvikle forståinga av omgrepet kunstnarleg utviklingsarbeid. Kunstnarleg utviklingsarbeid betyr stadig meir i bachelor- og masterstudia ved NMH. Sjå meir om tiltaka side 23.

Hovudmål 3

NMH skal halde fast ved og vidareutvikle posisjonen som eit senter for framifrå utøvande og skapande musikkutdanning.

MERITTERING

Eit program for høgskolepedagogisk vidareutdanning, knytt til ei ordning for merittering av pedagogisk kompetanse er ferdig utvikla. Likevel har igangsettinga blitt forsinka, i hovudsak på grunn av vanskelege arbeidstilhøve under korona-

pandemien. På dette området vil vi ikkje vere i stand til å nå målet som er sett i utviklingsavtalen i løpet av avtaleperioden.

Det tidlegare omtalte digitaliseringsprosjektet handlar også planar for å auke fagpersonalets og det administrative personalets kompetanse i å bruke digitale læringsformer. Dette området har fått stor merksemd i 2020 og 2021 på grunn av koronapandemien. Arbeidet vil bli vidareført i resten av planperioden, for at dei mest vellukka løysingane og erfaringane kan få ein permanent plass i utdanningsverksemda vår.

MUSIKARHELSE

NMHs senter for framifrå utdanning i musikkutøving (CEMPE), er no inne i dei to siste åra med senterstatus. I *Action Plan 2019-2023* har CEMPE forplikta seg til å utforske modellar for samarbeid i utøvande undervisning, studentanes øving, samanhangen mellom eit arbeidsliv i endring og musikkutdanninga og korleis utøvande undervisning kan bli knytt meir opp mot og basert på kunstnarleg utviklingsarbeid. I tillegg har CEMPE hatt merksemd på den mentale og fysiske helsa til musikarar dei siste par åra. Det er gjort mellom anna gjennom eit studentinitiert seminar i april 2021 med tittelen *Musikeren og Psyken* og satsinga vår på musikarhelse, der CEMPE bidreg. I tillegg skal vi arrangere ein stor internasjonal konferanse om helsa og prestasjonane til musikarar og scenekunstarbeidarar i september 2022 i samarbeid med fleire aktørar i musikklivet.

CEMPE arbeider for å auke kunnskapen om digitale verktøy i høgare musikkutdanning og auke studentinvolveringa. Vi har sidan 2017 støtta studentstyrte prosjekt, og har dei siste åra sett ein auke i både talet og kvaliteten på prosjekta som blir gjennomførte.

OVERGANG TIL DEN FASTE VERKSEMUDA

I resten av perioden vil vi rette innsatsen inn på å integrere resultatene i NMHs ordinære verksemd og i strukturar som kan bli vidareført etter at senterperioden er gått ut. CEMPE har i 2021 starta opp ein tenketank for refleksjon rundt innovasjon og utvikling av høgare musikkutdanning. Dersom tenketanken blir vellukka, kan den bli driven vidare uavhengig av CEMPE. CEMPE arbeider òg med å bygge opp ein digital ressursbank for lærarar, studentar og leiarar i høgare musikkutdanning.

LATIMPE

Platform for learning and teaching in Music Performance Education (LATIMPE) er eit formalisert samarbeid mellom NMH og AEC (Association Européenne des Conservatoires,

Académies de Musique et Musikhochschulen), leia og administrert frå NMH som ein del av verksemda til CEMPE. Målet med plattformen er å auke kunnskap om og merksemd på studentsentrert læring og studentaktive læringsformer i europeisk musikkutdanning.

Fram til utgangen av 2021 var LATIMPE ein del av det store AEC-prosjektet *Strengthening Music in Society*, støtta av Creative Europe. Avtalen med AEC om LATIMPE gjekk ut i desember 2021, samstundes med at dette prosjektet blei avslutta. I møter mellom AEC og NMH, er det avklart intensjonar om å vidareføre samarbeidet. LATIMPE har sidan det starta opparbeidd seg ein posisjon som ein viktig aktør i europeisk musikkutdanning, gjennom å arrangere internasjonale konferansar, gi ut ein fagfelleverurdert antologi og tidsskriftet *Journal of Music, Technology and Education*, gjennom å drifte nettstaden latimpe.eu og delta i konferansar og nettverk.

Hovudmål 4

NMH skal finne løysingar for auka arealbehov som følge av aktivitetsauke og nye arbeidsformer.

Det viktigaste tiltaket for ei langsiktig løysing av arealutfordringane for NMH er ein pågåande konseptvalprosess. Statsbygg leverte ei konseptvalutgreiing i januar 2021, og tilrådde der at arealbehovet blir løyst ved eit nybygg på omlag 7 900 kvadratmeter brutto. Ekstern kvalitetssikring av konseptvalutgreiinga er gjennomført i 2021, med sluttrapport i desember 2021. Vi ventar no på vidare oppfølging av saka frå Kunnskapsdepartementet.

Som ei mellombels løysing, som dekkjer litt av behovet, har NMH frå januar 2020 teke i bruk leigelokale på om lag 800 kvadratmeter. Leigelokala blir brukte av deler av administrasjonen. Dette har frigjort areal for studentar og fagleg tilsette i dei faste lokala ved NMH. Vi leiger også lokale på korttidskontraktar til større produksjonar og konsertverksemd i relativt stort omfang på ulike stader. Ytterlegare mellombels arealtiltak må vi vurdere når det blir klart kva framdriftsplan vi kan rekne med for ei permanent arealløysing. ●

KORONAPANDEMIEN

Koronapandemien prega NMH si verksemd i 2021 i enda større grad enn i 2020. Likevel gjorde erfaringane frå 2020 oss betre rusta til å handtere ei ny nedstenging då vi gjorde oss klare for å opne og ta imot studentane fysisk på campus i januar 2021.

PRIORITERTE TILTAK 2021

- + Bygge vidare på erfaringar frå koronaperioden og sette i verk tiltak som tar hand om kompetanse og kvalitet i bruk av digitale verktøy i alle delar av verksemda.
- + Oppretthalde beredskap og smitteverntiltak rundt koronapandemien i tråd med anbefalingane frå myndighetene, og sikre ein gradvis og kontrollert overgang til normal verksemd når situasjonen tillatar det.

GJENNOMFØRING AV STUDIA

Ein stor del av undervisninga på NMH er ferdighetstrening på eige instrument og i samspel med andre. Vi hadde difor høve til å bruke unntaket i koronarestriksjonane om fysisk undervisning når det var naudsynt. Studentane fekk gjennom heile vårsemesteret fysisk hovudinstrumentundervisning, samspel i mindre gruppe og moglegheit til å bruke øverom og andre viktige fasilitetar på campus. Alt blei lagt til rette med godt smittevern etter gjeldane regler og tilrådingar.

Vi avvikla teoriundervisninga digitalt. Fleire av dei samlingsbaserte vidareutdanningane hadde digitale og hybride undervisningsopplegg for å unngå at studentane måtte reise til Oslo.

Å gjennomføre praksis for studentar på bachelorprogrammet i musikkpedagogikk og praktisk pedagogisk vidareutdanning (PPU) blei ei utfordring gjennom vårsemesteret. Det meste av praksisen var mogleg å gjennomføre på ulikt vis. Men det var naudsynt å bruke unntaket frå mengdekravet i «Middeltidig forskrift om gjennomføring av utdanningar regulert av rammeplan mv. i forbindelse med utbruddet av covid-19» for at også dei råka studentane kunne fullføre studieåret.

Fagmiljøet kompenserte for manglande fysisk praksisperiode med å utvikle digitale praksisopplegg for studentar som skulle ha praksis i barneskole.

I haustsemesteret blei i hovudsak all ordinær undervisning gjennomført som normalt. For å kunne følge

avstandstilrådingane og sikre godt smittevern, leigde vi ved fleire høve, eksterne lokale i nærleiken slik at fysisk undervisning kunne finne stad. Større kor- og orkesterprosjekt måtte vi anten justere ned eller avlyse.

Då smitteverntiltaka blei stramma inn igjen i desember, var mesteparten av undervisninga ferdig. Eksamenane blei anten gjennomført digitalt eller med tilpassingar.

Sjølvs med fysisk undervisning og høg grad av studentar til stades på campus gjennom heile 2021, har vi klart å gjennomføre undervisning og eksamen utan større smitteutbrot.

PSYKOSOSIALE TILBOD TIL STUDENTANE

Sjølvs om dei aller fleste studentane hadde tilgang til fysisk undervisning og fasilitetar på campus i heile 2021, har dei vore særskilt prega av å leve under ein pandemi, med dei konsekvensane dei opplever at det får for studiekvardagen. Dei melder om manglande motivasjon, sosial isolasjon og redusert studiekvalitet. Dei peiker på at store delar av studietida, som skal vere tida for moglegheiter, utprøving, venskap og nettverksbygging, forsvinn og at det kan få store konsekvensar for overgangen til ein usikker arbeidsmarknad.

For klare å ta vare på det psykososiale aspektet ved studiekvardagen blei det, etter ønske frå studentutvalet og med midlar frå regjeringa, oppretta to ordningar, i første omgang for vårsemesteret. Begge ordningane blei vidareført i tilpassa form og eksisterer framleis.

Det eine er eit lavterskel samtaletilbod der vi engasjerte ein psykolog og ein coach for å ha samtalar med studentar om livet under pandemien og saker relatert til studiekvardagen. Dei to samtalepartnarane har begge god kjennskap til musikartilværet. Tilbodet har ikkje behandling, og dei studentane som trong oppfølging av helseapparatet blir bedne om å kontakte SiO eller fastlegen. Studentane har vore særskilt nøgd og har eit ønske om at det blir eit permanent tilbod.

Den andre ordninga som blei oppretta, var studentassistentane. Fire studentar blei tilsett i deltidsstillingar for å organisere fagleg-sosiale aktivitetar og arrangement for alle studentar på skolen. I dei månadene då Oslo var heilt stengd ned var dei fleste aktivitetane, i samsvar med gjeldande smittevernreglar, digitale eller utandørs i små gruppe. Då Oslo gradvis opna, fokuserte studentassistentane meir på aktivitetar der studentar på tvers av studieprogram kunne møtast fysisk og bli betre kjend. Også

denne ordninga har studentane vore nøgd med, og dei ønsker at det blir ein permanent ordning.

Ordninga med studentassistentane er utvida til å gjelde for heile 2022, men er no definert som eit prosjekt med mål om å danne studentforeiningar studentane sjølv kan drifte utan løn frå høgskolen.

DIGITAL ERFARING FRÅ PANDEMIEN

Fleire av røynselene med digitale løysingar i undervisnings- og FoU-aktiviteten vår har vore gode, og danner eit utgangspunkt for utvikling av framtidig praksis. Eit godt døme på dette er fjernundervisningsverktøyet LoLa (Low Latency Audio Visual Streaming System). Systemet gir høve til å spele musikk saman frå ulike plassar, nesten utan forseinkingar og med høg kvalitet på lyd og bilde. Systemet kan legge til rette for økt kvalitet i undervisninga ved å gjere det mogleg med internasjonalt samarbeid for mange samtidig. Det er òg bra for klima og miljø.

Vi har òg investert i eigen fiberlink til LoLa. Jamulus og Sonobus er to andre system som vi i har testa ut i løpet av pandemien. Begge systema gjer det mogleg å spele saman over nett.

Teams og Zoom, som kanalar for møte og kommunikasjon, er naturleg nok ført vidare i 2021. Vi har investert i ei betydeleg utviding av internt datanett. Dette har blitt ein fleksibel infrastruktur som gir fleire nye moglegheiter for video og lyd over IP. Omstrukturering av datanettverk i lydstudioa heng saman med dette og gir nye moglegheiter. Sikker tilgang heimefrå eller utanfrå NMH (ved hjelp av VPN) er òg dimensjonert opp mot behovet.

NMH har i løpet av året teke i bruk ei ny VMS-teneste (Video Management Service) som heiter Panopto. Pantopo støtter opptak, lagring og distribusjon av video til undervisningsformål og dokumentasjon av musikkformidling i salane våre.

Dei avsluttande utøvande eksamenane, som tidlegare har gått føre seg som live konsertar, blei under pandemien anten strøymd eller gjort opptak av. Slik nådde konsertane ut til mange fleire og studentane fekk erfaring med eit anna type konsertformat. Det er ikkje vedteken at dette skal vere eksamensforma for framtida, men moglegheitene er til stades. Sjå også side 30.

I 2021 var det naudsynt å gjennomføre heile opptaket til studia ved NMH digitalt. Dette ønsker vi ikkje å halde fram med, men ved å bruke erfaringar frå pandemien og gjere første del av opptaket digitalt, kan vi både effektivisere prosessen for søkarane og NMH. Samstundes kan

vi redusere klimaavtrykket ved at færre må reise verda rundt på prøvespel. I korte trekk inneber dette at søkarane i første runde blir vurderte på bakgrunn av ein video dei sender inn, og berre dei beste blir inviterte vidare til eit fysisk prøvespel.

Pandemien har stadfesta at det er fullt mogleg å arrangere konferansar, avvikle disputasar og tilby vidareutdanningar på digitale flater.

SMITTEVERNTILTAK OG OVERGANG TIL NORMAL SITUASJON

NMH har hatt aktiv koronaberedskap stort sett heile 2021, med ein liten periode i oktober med mindre aktivitet. Smitteverntiltaka lokalt på NMH har òg endra seg gjennom året. Endringane har beredskapsgruppa gjort etter vurderingar og i tråd med anbefalingane frå myndighetene.

I korona-beredskapsgruppa sit representantar frå studieadministrasjonen, personalseksjonen, drift, produksjon og kommunikasjon. Rektor er leiar av gruppa. Når det har vore store endringar i tiltaka, har også andre funksjonar ved skolen delteke ved behov.

Kommunikasjonsprinsippa under pandemien har vore lik det meste av tida: Vi har sørga for oppdaterte nettsider om smitteverntiltaka både på internt og eksternt. Når det har skjedd store endringar i tiltaka, har vi brukt e-post eller SMS for å nå studentar og tilsette raskt. Videoblogg er brukt for meir personlig og utdjupande kommunikasjon frå rektor. I 2021 vidareførte vi òg ein-dør inn-prinsippet med ein e-postadresse der studentar og tilsette kan stille spørsmål og komme med innspel, og få svar frå beredskapsgruppa.

Vi er rigga til å sikre ein gradvis og kontrollert overgang til normal verksemd når situasjonen tillatar det. ●

EVALUERING AV KORONATILTAKA

Før sommaren 2021 bestilte NMH ei evaluering av handsaminga vår av covid-19-pandemien. Evalueringa blei gjort av Sikkerhetsledelse AS. Motivasjonen var å få evaluert arbeidet vi hadde gjort i den 16 månader lange perioden.

Rapporten kom i juni og konkluderte med at vi hadde gjort mykje «riktig». Den avdekkar òg nokre ting som kunne ha vore betre. Forbettrings- og læringspunkta er no implementerte i beredskapsgruppa arbeid og rutinar. Evalueringsrapporten oppsummerte slik:

«Med utgangspunkt (...) i suksesskriteriene fremstår det klart at NMH sin beredskaps- og krisehåndtering av Covid19 har vært gjennomført på en svært god måte. Leder (rektor) har vært avgjørende for at NMH har håndtert krisen på en så god måte som man har gjort. Beredskapsorganisasjonen har underveis i krisen evnet å etablere en god situasjonsvurdering for å sikre riktige tiltak. Lederrollen er tydelig definert, men enkelte justeringer anbefales i forhold til hvem som skal tiltre beredskapslederrollen. Leder for øvrig har god kontroll og en proaktiv tilnærming til situasjonsvurderingene.

Krisekommunikasjonen er ivaretatt på en god måte og er tilgjengelig på flere relevante medium slik at ansatte og studenter varsles raskt og effektivt. Omsorg og psykososial støtte ivaretas med et godt tilbud som flere av informantene skulle ønske ble videreført i en normaltilstand. Samordning og koordinering i beredskapsorganisasjonen fungerer svært godt fordi medlemmene av organisasjonen har nære relasjoner til hverandre, som er etablert over tid. De har god erfaring med å samhandle og er trygge i sin rolle i beredskapsorganisasjonen. Beredskapsorganisasjonens evne til samhandling og gode relasjoner må bibeholdes i fremtiden.»

UTDANNING

Koronapandemien prega undervisninga, men det har likevel vore høg aktivitet på NMH. Det første kullet med ny studieplan for utøvande master starta i august, og fleire digitale arrangement har aldri hatt mange deltakarar om haddde blitt gjennomført fysisk.

PRIORITERT TILTAK 2021

- + Fullføre revisjon av studieplanen for det utøvande masterstudiet og sette i gang nytt tilbod frå hausten 2021.

REVISJON AV STUDIEPLANEN FOR DET UTØVANDE MASTERSTUDIET

Hausten 2021 tok vi imot det første kullet studentar på den reviderte studieplanen til masterstudiet i utøving. Endringane i studieplanen har som mål at studentanes rolle som musikkutøvarar og kunstnare står sentralt i masterarbeidet og at dei kjem raskare i gang med sjølve prosjektet, enn tidlegare. Den nye studieplanen gir meir fleksibilitet og fleire valmoglegheiter for studentane og fremmar refleksjon, entreprenørskap og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Ei anna viktig prioritering i revisjonen har vore å legge til rette for gode faglege møteplassar på tvers av instrument og sjangrar – plassar kor studentane kan presentere og reflektere kring eige og andre sine prosjekt og virke. Dette har blitt mogleg gjennom emnet masterforum som har blitt obligatorisk for alle studentar, begge studieåra.

Erfaringane så langt viser at studentane er godt i gang med masterprosjekta sine, og at dei nye emna fungerer etter hensikt

ARRANGEMENT FOR TIDLEGARE STUDENTAR

Vi har hatt ambisjonar om å kunne gjennomføre ein «homecoming» for alumni på NMH heilt sidan arrangementet vi skulle hatt mars 2020 blei avlyst på grunn av korona. Det har vore mest heilt uråd å planlegge for noko

liknande grunna ei uoversiktleg planleggingshorisont.

Likevel har vi gjennomført og planlagt fleire digitale faglege treff for alumni. Treffa har teke tak i innhald som studentane normalt oppdagar etter studia at dei treng kunnskap om. Dette gjeld særleg for utøvande og skapande kunstnarar som arbeider som frilans og treng meir kunnskap om praktisk organisering av frilanstilværet sitt. Tidlegare studentar har vore inviterte som deltakarar til dei arrangementa og kursa vi har tilbydd i løpet av året. Eit døme er *Karrieredagen* som var arrangert fysisk på slutten av året. Nokre av dei tidlegare studentane fungerte som ressursar sidan vi arrangerte erfaringsutvekslingsmøte mellom alumni og studentar. Ei eventuell fysisk «homecoming» vil mest sannsynleg bli avgrensa til dei ferskaste avgangskulla som har vore verst råka av pandemien.

FORSKING- OG KUNSTNARLEG UTVIKLINGSARBEID INTEGRERT I UTDANNINGSPROGRAMMA

Gjennom utdanningane våre skal studentane finne sitt eige uttrykk og utvikle seg som utøvarar, komponistar, dirigentar, musikk lærer og musikkterapeutar. Vi skal drive utvikling og nyskaping, samstundes som vi skal ta vare på musikalske tradisjonar. Gjennom studieplanendringar, prosjekt og gradvis endring i praksis, kjem koplinga mellom utdanning og forskning- og kunstnarleg utviklingsarbeid stadig meir til uttrykk som ein eksplisitt del av undervisninga og i studentanes arbeid.

Den reviderte studieplanen til masterutdanning i utøving, der masterprosjektet er i hovudsete frå dag ein, er eit godt døme på dette. Det frie kandidatstudiet (FRIKA), er eit anna døme der studentane søker opptak til bachelorprogrammet med sine eigne kunstnarlege prosjekt, og som jobbar med prosjektet gjennom heile programmet.

Når vi no skal i gang med å revidere det utøvande houvudemne (hovudinstrument) i dei utøvande bachelorprogramma våre, vil mellom anna kunstnarleg utviklingsarbeid som metode stå sentralt.

Senter for framifrå undervisning i musikkutøving (CEMPE) arbeider vidare med å utvikle musikkutdanning basert på kunstnarleg utviklingsarbeid (såkalla KU-basert musikkutdanning) gjennom den skandinaviske *Tenketanken for KU-basert musikkutdanning*. Våren 2021 hadde tenketanken ei rekke seminardagar der dei diskuterte implementering av KU-basert utdanning. Resultata frå diskusjonane kjem i 2022. Tenketanken har òg sett i gang å utvikle ein skandinavisk video-ressursbank for studentar og lærerar om kunstnarleg utviklingsarbeid.

Ressursbanken blir lansert i 2022 og kan bli ein viktig ressurs for studentar i heile Skandinavia.

FORSKINGSPROSJEKTET «MUSIKKARBEIDSMARKED I ENDRING»

NMH vil publisere funna i forskingsprosjektet *Musikkarbeidsmarked i endring* i form av ein antologi våren 2022. Prosjektet har kartlagt endringsprosessar knytt til teknologi og digitalisering, globalisering, strukturelle tilhøve i samfunnet, og korleis desse endringane påverkar yrkesroller og arbeidsmoglegheiter i musikklivet. Det er grunn til å tru at forskingsprosjektet vil påverke korleis vi utviklar studieprogramma våre framover. Når vi i 2022 skal i gang med å revidere studiedimensjoneringsplanen, vil funna vere ein viktig del av datamaterialet vi legg til grunn for den nye dimensjoneringa.

HANDLINGSPLAN FOR Å UTVIDE ETTER- OG VIDAREUTDANNINGSTILBODET

Det har vore vanskar med å lande ein formell handlingsplan for det langsiktige arbeidet med å auke etter- og vidareutdanningstilbodet det siste året. Grunnen er fortsatt uvisse kring pandemien og framtidsutsikter, samt administrativt meirarbeid og kapasitetsproblem i perioden. Vi har likevel planlagt kortsiktig og gjennomført fleire konkrete prosjekt som vi har hatt stort læringsutbytte av. Mellom anna har vi hatt auka merksemd på digital kursgjennomføring. Vi har òg starta opp vår første heildigitale vidareutdanning. I perioden har vi erfart at talet på deltakarar i enkelte høve har vore mangedobla samanlikna med tilsvarende fysiske kurs (etterutdanning).

Vi ser òg at fleksibilitet i vidareutdanningstilboda gjennom å vere meir samlings- og nettbasert gjer tilboda meir attraktive. Fleire søker på kursa. Når vi utviklar nye tilbod går det i retning av kortare og spissare etter- og vidareutdanningstilbod. Den formelle handlingsplanen vil bli ferdigstilt i 2022, og dei erfaringane vi har gjort i løpet av pandemien vil spele ei viktig rolle.

SAMARBEID I REGIONEN

NMH samarbeider regionalt med Ung Musikk (Viken fylkeskommune) og Høgskolen i Innlandet, og nasjonalt med Norsk kulturskoleråd, KA, KS, MF vitenskapelig høgskole, NLA høgskolen og Kunsthøgskolen i Oslo for å dekke kompetansebehov både regionalt og nasjonalt.

Ordningane *DeKomp*, *ReKomp* og *Kompetanseløftet* som fylkeskommunane forvaltar og koordinerer, legg opp

til at det skal vere samarbeid mellom skoleeigarar og lokal UH-sektor. NMH er ein nasjonal vitenskapelig høgskole, som innfor desse ordningane har spisskompetanse på berre eitt av skolefaga. Difor har vi ved nokre høve vore leverandørar inn prosjekta til andre universitet og høgskolar, særleg innanfor *DeKomp*.

INTERNASJONAL STRATEGI

Vi skal i 2022 utvikle nye ambisjonar for internasjonal verksemd. Det vil vere ein naturleg del av dei nye ambisjonane å inkludere eit avsnitt om deltaking i *Erasmus+*-programmet. NMH, som ein relativt liten institusjon, ser det ikkje hensiktsmessig å utvikle ein eigen strategi for deltaking i *Erasmus+*-programmet.

Det er eit mål for NMH å sjå synergjar mellom forskning- og utdanningsprosjekt. EUs programmar *Horisont Europa* og *Erasmus+* er ein naturleg del av dette.

PARTNARSKAP I LÆRARUTDANNINGA

I 2020 fikk NMH ei ekstra løyving frå Kunnskapsdepartementet knytt til partnerskap i lærarutdanning. Målet vårt var å sjå på ulike måtar å styrke samarbeidet mellom praksisopplæringa og lærestaden. Studentar på praktiskpedagogisk vidareutdanning og bachelor i musikkpedagogikk har praksis både i grunnskole (barne- og ungdomsskole), vidaregåande, kulturskole og frivillig musikkkliv.

I 2021 har vi etablert ein ny modell for å administrere og koordinere praksis. Ein administrativ koordinator har ansvar for all praksis i dei pedagogiske studia i samarbeid med ein fagtilsett med det overordna faglege ansvaret. Tidlegare har vi hatt ulike koordinatorar for ulike praksisarenaar. Den nye modellen gir betre oversikt og skapar betre samarbeid med praksisfeltet. Modellen har resultert i tydelegare informasjon, betra dialog og ei meir heilskapleg oversikt over progresjonen til studentane.

I samarbeid med Oslo kulturskole har vi fortsett ordninga med ein lokal praksis-koordinator ved kulturskolen, for å sikre tettare dialog mellom kulturskolen og NMH.

Frå hausten 2021 har vi etablert eit partnerskap med Jeriko barneskole. Vi har studentar i praksis ved skolen fire veker i året der faglærarar ved NMH er med ut i praksis for å observere og rettleie. Det er nytt at faglærarar ved NMH er med ut i praksis, eller er på praksisbesøk. I tillegg til å rettleie studentar, gjennomfører faglærarar frå NMH workshops for alle lærarane ved skolen. Der har dei merksemd på bruk av musikk i alle fag og korleis

musikkfaget kan bidra positivt til skolens heilskaplege mål. Prosjektet har gitt gode synergjar med å skape kopling mellom praksis og undervisninga for studentar og tilsette ved NMH. Det har òg gjort det mogleg for Jeriko skole i det heile teke å gjennomføre musikkundervisning. Skolen har ikkje fast tilsett musikk lærar.

Vi har også sett i gang eit nytt samarbeidsprosjekt i Ål kommune for bachelorstudentar i musikkpedagogikk. Under ei veker praksis i kommunen, erfarte studentane å vere delaktige i musikkundervisning ved skoler og kulturskoler, i det frivillige musikklivet og som muskarar ved konsertar. Slik får studentane utforska fleire sider ved det å vere muskar og musikkpedagog, noko som er særst relevant for det framtidige yrkeslivet deira. ●

UTDANNING – RESULTAT	2018	2019	2020	2021
Delen bachelororkandidatar som gjennomfører på normert tid.	53,8 %	65,5 %	70,1 %	68,1 %
Delen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid.	41,1 %	40,8 %	58,5 %	54,2 %
Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret NOKUT).	38,0	37,1	34,1	32,8
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT).	4,4	4,5	4,5	4,2
Delen mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU).	-	-	-	-
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år.	33,3 %	66,7 %	66,7 %	40,0 % ¹
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane.	24	25	28	33
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar.	2,9 %	3,5 %	2,2 %	2,4 %

1. Les meir om kva NMH gjer for å auke gjennomstrøyminga på det vitenskapelige ph.d.-programmet på side 27.

KUNST OG VITSKAP (FOU)

Arbeidet med å innfri måla i FoU-strategien heldt fram gjennom 2021, og prosessen med å definere nye ambisjonar for dei komande åra blei sett i gang.

EKSTERNFINANSIERING AV FORSKING

FoU-strategien har vore eit viktig reiskap for FoU-sentra og FoU-utvalet, mellom anna til å sette ein klarare kurs for å auke delen eksternfinansierte FoU-prosjekt. Dette har ført til ei tydeligare retning på søknadsarbeidet. Til dømes har Senter for forskning i musikk og helse (CREMAH) hatt god uttelling innanfor kunnskapsklynga *Polyfon* som deler ut «middel til såkorn». Her har NMH fått middel til heile fire prosjekt: Digitale musikalske fellesskap for å styrke sosial tilknytning og livskvalitet hos eldre, stemmebruk og kjønnsinkongruens, samarbeid mellom utøvarar og musikkterapeutar i musikkverkstad for unge asylsøkarar og tverrfaglege digitale musiske tema-opplegg for barn og unge som brukar alternativ og supplerande kommunikasjon.

Etter kvart som vi avsluttar dei eksternfinansierte FoU-prosjekta vil det bli frigjort kapasitet til å utvikle nye prosjekt i tråd med FoU-strategien. For å styrke kapasiteten til å utvikle fleire søknadar, skal vi tilsette ein ny FoU-rådgjevar som skal støtte forskarane med prosjektutvikling og prosjektoppfølgning.

Det er i 2021 sett i gang eit systematisk arbeid med å kartlegge utlysingar og relevante kjelder til ekstern finansiering for dei mange fagfelte ved NMH. Gjennom

2022, og fram mot 2023, reknar vi med at det vil vere ein auke av vitenskaplege prosjekt med eksternfinansiering, lik det har vore på kunstnarleg side dei siste åra.

GJENNOMFØRING PÅ DET VITSKAPELEGE FORSKINGSPROGRAMMET

Doktorgradsutvalet har arbeidd med ein strategi for auka gjennomstrøyming på det vitenskaplege forskingsprogrammet. Vi har mangla heimel i forskrifta til å gjere dei rette grepa. Første steg i «prosjekt gjennomføring» var difor å revidere forskrifta. Dette blei gjort i august 2020. Endringa gav oss moglegheit til å avslutte studieretten to år etter at avtaleperioden er gått ut.

I tillegg har vi forskriftsfesta obligatorisk midtveis-evaluering. Prøvedisputas er allereie godt innarbeidd, og vi har studieplanfesta krav til rekkefølge på fullført opplæringsdel før prøvedisputasen. Summen av desse tiltaka begynner vi no å sjå resultata av.

I september 2021 fekk 11 tidligare stipendiatar, som er forseinka, varsel om at studieretten deira tek slutt i 2022. Sju av dei er no i eit styrt løp mot innlevering. Utvalet for doktorutdanningar følger alle tett, og nokre av dei har fått tilbod om ekstra rettleiing.

Eit fleirtall av dei aktive stipendiatane har fått frå éin til fire månader forlenging av avtaleperioden som følge av pandemien. Det betyr låge disputastall også for 2021 og for første halvdel av 2022. For studieåret 2022-23 ventar vi samstundes svært mange disputasar. Heile 19 stipendiatar har gjort avtale om innlevering i løpet av 2022. Det er særleg gledeleg å sjå kor godt stipendiatane

har brukt koronaperioden. I tillegg til desse 19, har NMH for første gong fått ei dr.philos.-avhandling til vurdering. Dr.philos.-forskrifta blei vedteken i juni 2021.

I 2021 fekk Arne Nordheim-senteret (NordART) ein ny fagleg ressurs som har som hovudoppgåve å skape eit meir stimulerande fagmiljø og få stipendiatar innan området *Oppføringspraksis* og utøvarlærarar til å jobbe meir saman. Vi håpar med dette at dei med laus fagleg forankring internt får ein meir synleg posisjon og eit større nettverk på NMH.

HORISONT EUROPA

NMH er ein liten høgskole med mange tilsette på kunstnarleg grunnlag og har difor ikkje delteke i *Horisont 2020*. Med auka merksemd på ekstern finansiering (sjå ovanfor), også på det vitenskaplege området, kan likevel deltaking i *Horisont Europa* bli ein realitet om litt.

Rapportar frå sentra, sjå neste side.

FOU – RESULTAT	2018	2019	2020	2021
Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	0,7	7,5	11,34	14,8
Andre bidrags- og forskningsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr)	50,7	92,8	78,27	75,9

Rapportar frå sentra

SENER FOR

UTDANNINGSFORSKING I MUSIKK (CERM)

Senteret har i 2021 fortsatt lagt til rette for å gjennomføre musikkpedagogiske FoU-prosjekt om og for alle typar musikkopplæring og -utdanning. CERM sine forskarar har også dette året delteke i fleire forskingsprosjekt der finansieringa kjem frå NFR eller tilsvarende finansieringskjelder.

Etter søknad til Publiseringutvalet i UHR om godkjenning av skriftserien *Utdanningsforskning i musikk – Skriftserie fra CERM (Centre for educational research in music)*, ble denne godkjent som publiseringskanal på nivå 1 i 2021. Boka *Verden inn i musikkutdanningene: Utdfordringer, ansvar og muligheter* (Karlsen & Nielsen, 2021) kom ut som volum 3 i serien. Gjennom heile året har det blitt gjennomført ei digital seminarrekke med førelesingar av nasjonale og internasjonale fagfolk på feltet. CERM har òg, i tråd med NMHs investeringsplaner, kjøpt inn utstyr og etablert ein fysisk «stasjon» for digitale opptak og analyse av video til bruk i FoU-prosjekt.

ARNE NORDHEIM-SENERET (NORDART)

Hovudsatsinga i 2021 var å gjennomføre første del av det internasjonale forskingsprosjektet *RAPP (Reflection-based Artistic Professional Practice)*. *RAPP Lab (Laboratorium)* er eit treårig EU-finansiert prosjekt frå ERASMUS+ programmet *Strategic Partnerships*, leia og

initiert av Hochschule für Musik und Tanz Köln, i samarbeid med NMH, AEC og konservatoria i Tallinn, Roma, Wien og Orpheus-instituttet i Gent. Det første seminaret gjekk føre seg online i regi av NMH i mars. *RAPP Lab* blei vidareført i med seminar i Gent der fleire kunststipendiatar frå NMH deltok. I perioden 2022-2023 planlegg vi fire internasjonale seminar.

Prosjektet *(Un)romantic/Improvising interpretation* av Ingfrid Breie Nyhus og Live Maria Roggen blei tildelt støtte frå PKU. Prosjektet er eit utøvande prosjekt over tre år. Volum 8 av musikktidsskriftet *Music & Practice* kom i januar 2021.

SENER FOR FORSKING I MUSIKK OG HELSE (CREMAH)

Senteret er involvert i fleire forskingsprosjekt. Det største er *HOMESIDE*, EU-prosjektet om demens, musikk og lesing. To pågåande post-doc-prosjekt om musikkterapi, rus og psykisk helse i fleksibel aktiv oppsøkande behandling (FACT) er fagleg knytt til senteret. CREMAH har i 2021 hatt eit særleg tett samarbeid med Oslo Delirium Research Group ved Oslo Universitetssjukehus om utvikling av nye eksternt finansierte forskingsprosjekt.

Etter at NMH blei deltakar i *Nye POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi* i august i 2021, har CREMAH sine forskarar fått middel til såkorn til fire pilotprosjekt. Prosjekta

har tema stemme og kjønnsinkongruens, digitale musikkfelleskap for eldre, musikkverkstad for unge asylsøkarar, og tværfaglege tema-opplegg for born og unge som bruker alternativ og supplerande kommunikasjon.

Frå CREMAHs og NMHs publikasjonar blei boka *Hvordan kan du bruke sang for å bedre barnets talespråk?* En praktisk håndbok av Lise Lotte Ågedal gitt ut. CREMAH står bak over 30 vitskaplege publikasjonar, i tillegg til over 20 faglege publikasjonar, fleire keynotes og presentasjonar på nasjonale og internasjonale konferansar.

SENER FOR FRAMIFRÅ

UTDANNING I MUSIKKUTØVING (CEMPE)

I 2021 har CEMPE arrangert fleire seminar og panelsamtaler, og fortsatt arbeidet med å styrke studentdrivne prosjekt, utdanning basert på kunstnarleg utviklingsarbeid, digitale undervisningsformer og samarbeid på tvers av sjangrar og disiplinær. Studentpartnarane i CEMPE-teamet arrangerte våren 2021 seminaret *Musikeren og psyken* om den mentale helsa til musikarar og utfordringar ved å vere utøvande kunstnar. Gjennom diskusjonsfora *CEMPE- og STUDENT Talks* har CEMPE invitert til diskusjon om samfunnsaktuelle tema som har engasjert langt utover høgskolens fire vegger. Sidan 2018 har CEMPE vore ein sentral partner i AEC-prosjektet *Strengthening Music in Society* om læring

og undervisning i høgare utøvande musikkutdanning. Prosjektet blei avslutta på AEC-kongressen i november, der CEMPE bidrog med fleire presentasjonar.

Hausten 2021 starta CEMPE opp eit valemne for studentar som driv eigne prosjekt finansiert av CEMPE. Gjennom emnet får studentane kunnskap og kompetanse i prosjektleiing, budsjettering, rapportering og innsikt i leiing av kunstnarlege prosessar. Dette er eit ledd i å styrke kvaliteten på studentdrivne prosjekt og gjere studentane betre forberedt til studia sine.

CEMPE går no inn i dei to siste åra av virketida til senteret, og framover vil det vere viktig å sjå korleis initiativ og idear forankra i CEMPE kan bli førte vidare.

KOMMUNIKASJON OG FORMIDLING

Kulturlivet er av dei som er hardest råka av pandemien. Av 286 offentlege konsertar, blei 131 gjennomførte fysisk. Takka vere digitale verktøy har mange delteke på arrangement, konsertar og konferansar, og nettsida vår har hatt ein stor auke i trafikken.

KONSERTAR OG ARRANGEMENT I EIN PANDEMI

NMH er normalt ein særskilt aktiv konsertarrangør, og 2021 blei i utgangspunktet planlagt som eit tilnærma normalår. Alt så lovande ut hausten 2020. Diverre blei det ikkje sånn, og grunna restriksjonar og smittevern måtte vi òg legge om konsertverksemda store delar av året. Storparten av konsertane på NMH er direkte relatert til undervisning og studieverksemd, og vårt grunnleggande mål er og har vore at gjennomføring i ei eller anna form er viktig. Før vi kansellerte søkte vi alltid andre alternativ der det var mogleg.

I 2021 annonserte vi 286 offentlege konsertar. 131 av dei blei gjennomført fysisk og offentlig, med strengt smittevern og restriksjonar av forskjellige slag. Vi hadde redusert publikum, forhandssal av billetter, plassregistrering, avstand, munnbind og meir. 53 konsertar, dei aller fleste eksamenskonsertar, blei gjennomførte digitalt eller som ein kombinasjon med eit lite publikum og strøyming i tillegg. 21 konsertar blei gjennomførte som lukka arrangement med eit lite, privat invitert publikum. 24 konsertar blei gjennomførte som innspelningar/opptak som erstatning for offentlig konsert. Vi måtte avlyse 57 planlagde og offentleggjorde konsertar som følge av pandemien.

Trass restriksjonar og særskilt redusert kapasitet har vi hatt eit godt publikum, med om lag 6000 registrerte besøkande totalt i 2021.

DIGITALE ARRANGEMENT OG STRØYMING

På NMH ser vi på møtet mellom utøvarar og publikum som særskilt viktig. Difor prioriterer vi gode fysiske arrangement, og ønsker å legge til rette for fysisk gjennomføring med restriksjonar og redusert publikum framfor digitale arrangement. Samstundes er føreseielege vilkår viktig, og nokre konsertar er viktigare enn andre.

Eksamen er eit slik døme. Eksamen er i seg sjølv viktig å gjennomføre, og det er ofte ekstra viktig for studenten å få ha eit publikum, til dømes vener og familie. Vi gjorde difor alt vi kunne for å kunne gjennomføre, under alle omstende. Vi la tidleg opp til ei fysisk gjennomføring av eksamen, med strøymeløysing for eksamenar på andre-avdeling bachelor og master. Då eksamensperioden starta, var ikkje fysisk publikum lov, ifølge kommunale restriksjonar. Men då kommunen endra reglane 26. mai 2021, endra òg NMH på reglane. Etter den datoen kunne kvar kandidat invitere eit lite privat publikum til å vere til stades i tillegg til strøyminga.

Dei digitale konsertane hadde eit godt besøk, med 3322 unike sjåarar på direktestrøym, og omlag 5000 «on demand» etter at konsertane var ferdig.

SEMINAR OG KONFERANSAR

Vi har hatt mange seminar og konferansar i år. Dei aller fleste blei gjort digitalt. Totalt er det registrert 22 offentleg

Musikkhøgskolens nettsider når mange fleire

Alle sideområda på både nmh.no, student.nmh.no og ansatt.nmh.no har hatt stor auke i trafikken etter omlegginga til nye nettsider i august 2020. Besøket totalt har auka med 46 % sidan 2020, 53 % sidan 2019 og 56 % sidan 2018.

MÅLGRUPPA FINN FRAM

Eitt av måla vi sette i nettprosjektet, var at fleire potensielle søkarar fant fram til sidene for søknad og opptak. Dei nye nettsidene har sørja for ein særleg auke i trafikk hit med 81 % frå 2019 og 85 % frå 2018. Oversikta over studia har vakse med 26 % og 27 %.

Eit anna mål var ein tydeligare internasjonal profil, og den største auken i trafikk har vore på dei engelskspråklege sidene. Samanlikna med den gamle nettstaden har besøket stige med 91 % frå 2019 og 105 % frå 2018.

HØGARE ENGASJEMENT

Høge besøkstall aleine betyr ikkje alltid at nettsidene er gode, men statistikken viser òg at brukarane våre blir verande lengre på nettstaden og har eit høgare engasjement. Engasjementet viser dei mellom anna ved å klikke på lenker, sjå videoar og scrolle seg nedover i innhaldet. Fleire går dit vi ønsker at dei skal gå.

Dei sidene brukarane besøker, og orda dei søker med, er ein indikasjon på at vi har forstått kva dei ulike målgruppene er på jakt etter, og prioritert ut ifrå det. Samanlagt gir tala oss eit insentiv til å satse vidare på tydeleg struktur og godt innhald – kvalitet over kvantitet.

VEGAR INN TIL NETTSIDENE

Google er fortsatt den største kjelda inn til innhaldet vårt. I tillegg har det vore ein auke i klikk frå det interne nyheitsbrevet *Etter noter* til dei interne nettsidene. Tala er tydelege på at Facebook ikkje lenger er nyttig som kjelde inn til nettsidene om ein ikkje betalar for innlegg.

TRE PÅ TOPP SØKEORD I 2021

Studensidene:

- + Sibelius
- + Valgemner
- + Studentweb

Tilsettsidene:

- + Box
- + Personalreglement
- + Canvas

Norske eksterne sider:

- + Bibliotek
- + TUP
- + Åpningstider

Engelske eksterne sider:

- + Admission
- + Erasmus
- + Fees

tilgjengelege seminar og konferansar i NMH-regi. I tillegg er det gjennomført mange mindre seminar som ikkje blir registrert sidan dei ikkje har vore offentleg annonserte.

Å gjennomføre arrangement under ein pandemi og stadig måtte endre planer, er utfordrande. Likevel har vi hatt stor aktivitet av høg kvalitet, og det er på grunn av ei stabil og kompetent bemanning, gode rutinar, høg fleksibilitet hos studentar, lærarar og publikum. Det er ikkje registrert eller rapportert smitte på NMHs konsertar og arrangement.

INTERNKOMMUNIKASJON

I april 2021 starta vi opp nyhetsbrevet *Etter noter* for studentar. Frå før av er *Etter noter* ein innarbeidd kommunikasjonskanal for tilsette. *Etter noter* for studentar har hatt ein jamn auke i klikk sidan oppstarten, med aktiv hjelp frå Studentutvalet. Vi har òg gått meir aktivt og insisterande inn for at lærarar skal bruke Canvas som kommunikasjonskanal med studentane på alle studieprogram. Dette gjer vi mellom anna for å få ein slutt på kommunikasjon mellom lærar og studentar i sosiale medium. Eit viktig prinsipp er at studentar skal få den informasjonen dei treng utan medlemskap i kommersielle, utanlandske sosiale medium. Dette arbeidet forset i 2022. Les meir om internkommunikasjon under kapitelet om koronapandemien på side 21.

SPRÅKBRUK

NMH er ein høgskole med mange internasjonale interesser. Vi har utanlandske studentar, og nokre lærarar og stipendiatar som ikkje kan norsk tilstrekkeleg til å halde seg oppdatert på viktig intern informasjon. Derfor sette vi i første del av 2021 i gang eit krafttak for å få omsett artiklar og innhaldssider på nmh.no, ansatt.nmh.no og student.nmh.no til engelsk.

For å auke andelen nynorsk, er meir av den faste informasjonene på nettsida omsett til nynorsk. Hausten 2021 var alle konsertar og meldingar på dei sosiale media om konsertar på nynorsk. Vi sørga òg for at alle nettskjema no er tilgjengeleg på begge målføre.

PUBLISERING AV FOU-RESULTAT

Dei ved NMH som er tilsett på vitskapleg grunnlag, publiserer artiklar, kapittel, bøker og så vidare i fagfelleverderte kanalar tilpassa dei ulike fagområda. Dei som er tilsett på kunstnarleg grunnlag utviklar kunstnarlege prosjekt som fører fram til mellom anna konsertar, lydfestingar og videoar. Noko av dette dokumenterer dei på vår eige plattform.

NMH disponerer fire eigne plattformer for FoU-resultat,

EKSEMPEL PÅ PROSJEKT TRASS PANDEMIEN

Fleire kor- og vokalensemble-prosjekt blei gjennomførte med færre deltakarar, og nokre gonger blei det til og med sunge med munnbind.

Allereie 3. september gjennomførte NMHs storband eit prosjekt med internasjonal gjestestjerne. Storbandet med Marilyn Mazur spelte på den store jubileumskonserten til Chateau Neuf, og antakeleg var det ein av dei aller første konsertane med tilreisande frå utlandet den hausten.

Vi har hatt ein lang rekke klassekonsertar. Når studentar knapt har møttst dette studieåret, har dei i ei klassekonsertsetting spelt for kvarandre og fått verdifull scenetrening.

to med ope tilgang, ein med hybrid løysing og ein med betalt tilgang. For kunstnarlege stipendiatar og resultat frå eksternfinansierte kunstnarlege utviklingsprosjekt, er *Research Catalogue (RC)* og NMH sin eigen portal i denne internasjonale og ope plattformar dei første vala. Portalen har fagfelleverderte eksposisjonar tilbake til 2017 og fekk i 2021 tilvekst med eitt stipendiatprosjekt. NMH er med å utvikle denne portalen saman med andre internasjonale partnarar.

NMH nyttar i likskap med nokre andre norske musikkutdanningsinstitusjonar *RC* som plattform for å vurdere kunstnarlege studentarbeid. I 2021 var det 45 masterstudentar som dokumenterte dei avsluttande masterprosjekta sine i ein separat studentportal.

Etter at årboka *Nordisk musikkpedagogisk forskning* blei gjort om til eit ope tidsskrift og flytta til Cappelen Damm si plattform *Nordic Open Access Scholarly Publishing (NOASP)*, har publiseringstakta auka. NMH eig og forvaltar tidsskriftet, men held fram med det tette samarbeidet med det nordiske musikkpedagogiske nettverket, mellom anna ved å etablere eit overordna fagleg nordisk redaksjonsråd. I 2021 kom til saman 15 fagfelleverderte artiklar ut, fordelte på to volum og på språka norsk og engelsk. Plattformar er ei sentral satsing i NMH sitt arbeid med forskingsformidling.

Den tredje plattformar for formidling av FoU-resultat er *NMH-publikasjonar*, eit forlag som utviklar og publiserer

fagfelleverderte antologiar, doktoravhandlingar, fag- og metodebøker, og ei sjeldan noteutgjeving. Dei fleste blir trykte i små opplag og publiserte med grøn open tilgang i vårt institusjonelle arkiv *Brage*. Vi har i 2021 starta førebuingar for overgang til *Norsk vitenarkiv*.

Det kom ut seks bøker i 2021: tre doktoravhandlingar, ein antologi frå CERM, årsmagasinet frå CEMPE og ein metodebok frå CREMAH.

NMH Sound er ein liten plattform med stor rekkevidde; eit platemerke med infrastruktur som gir tilgang til all verdas strøymetenester. I 2021 lanserte platemerket EP-en *Stemmer fra innsiden*, med tre låtar frå fengselsprosjektet. Lanseringa gjekk føre seg samstundes med konsert der NMH-studentar og framstilte fangar spelte saman på Nasjonal jazzscene.

BIBLIOTEKET

Starten av 2021 var prega av strenge pandemiltak. Biblioteket kunne framleis vere ope, men studentar og tilsette blei bedne om å bruke biblioteket berre til studieformål. Det var òg få sitteplassar for å overhalde avstandsreglane. Tiltaka blei avslutta etter sommaren og vi opplevde ein auka bruk av dei fysiske lokala utover hausten.

Som forventat følgde besøkstala på biblioteket pandemirestriksjonane. Dei gjekk ned første halvår og tok seg opp om sommaren og hausten. Mot slutten av 2021 var vi tilbake til ein tilnærma normal frekvens på fysisk bruk og utlån frå samlinga. Men med nye tiltak i desember så vi noe mindre fysisk bruk, men biblioteket har heile tida vore ope for utlån og rettleiing. På grunn av pandemien har det ikkje vore store formidlingsprosjekt i 2021, men biblioteket

planlegg ei utstilling med notar av kvinnelege komponistar. Komponistane og verka er valde ut av komposisjonsstudentane ved NMH.

Samling. I løpet av 2021 har biblioteket motteke ei rekke gåver (i hovudsak bøker og notar) og kapasiteten i hyllene blir stadig mindre. I lys av dette, og som ein del av det generelle samlingsarbeidet har vi difor gjennomført ein større kasseringsprosess i boksamlinga. Bibliotekfaglege prinsipp er brukte, og vi har sikra at sentral litteratur er behalde eller er tilgjengeleg frå andre bibliotek i sektoren. Bøker som blir kasserte blir lagt ut til studentar og tilsette.

Kurs og undervisning. Fleire av kursa blei gjennomførte digitalt første halvdel av året. Mellom anna søkekurs, skrivekurs og noko individuell opplæring. Alle nye studentar fekk fysisk omvising og informasjon ved semesterstart. Nye ph.d.-stipendiatar og studentar i musikkterapi, musikkpedagogikk og musikkteori har fått eigne bibliotek- og søkekurs.

NMH skrivesenter gir individuell rettleiing med tekst, og har hatt det første heile året som operativt tilbod til alle studentar. I vårsemesteret evaluerte vi tilbodet gjennom 40 samtaler. Evalueringa viste at deltakarane har godt utbytte av tilbodet. Skrivesenteret har regelmessig kontakt med fleire fagmiljø for å samarbeide om nye kurs og tiltak. Det er drive av biblioteket i samarbeid med Studie- og FoU-seksjonen, og rapporterer årleg til Studieutvalet med en orientering om drift og resultat.

Investeringar. Å gjere det fysiske læringsmiljøet betre var eit satsingsområde i 2021. Nye planter og sittemøbel har gitt biblioteket eit løft. For å gjennomføre utstillingar og formidlingsprosjekt betre, har vi òg kjøpt inn hjelpemiddel som bord, skjermar og stativ. ●

KOMMUNIKASJON OG FORMIDLING – RESULTAT	2018	2019	2020	2021
Talet på offentlege konsertar i regi av NMH	241	353	191	208 ¹
Talet på offentlege konsertar på eksterne arenaar	94	102	22	41
Talet på publikum totalt (fysisk)	15423	21576	7436	5644
Talet på publikum digitalt (unike besøkande på direktestrøyma konsert)			4367	3322

1. Det er ikkje lett å oppgi talet på fysiske konsertar i 2021. 286 var annonsert, men berre 208 blei gjennomførte som konsert. Av desse blei 131 gjennomførte fysisk og offentleg, 21 fysisk og lukka. 53 blei strøyma og 21 blei heller spelt inn.

ORGANISASJON OG DRIFT

Organisasjonen er prega av koronapandemien i 2021. Likevel har digitale løysingar sørga for at vi fekk gjennomført val og starta opp prosjekt, som grønt NMH.

PRIORITERTE TILTAK 2021

- + Gjennomføre val til rektor, prorektor og styremedlemar og sikre ein effektiv overgang til ny fagleg leiing frå hausten 2021.
- + Utvikle ein handlingsplan med konkrete mål og ambisjonar for å redusere NMHs klimaavtrykk.

VAL TIL REKTOR, PROREKTOR OG STYREMEDLEMAR

Val av rektor, prorektor og styremedlemmer blei gjennomført i tråd med valreglementet. Valet blei gjennomført elektronisk 4.–10. februar 2021. Overgang til ny fagleg leiing har vore teke vare på gjennom samarbeid mellom avtroppande og påtroppande leiing. Nytt rektorat har i tillegg fått ei relativt omfattande opplæring i NMHs verksemd, og det har vore eit styreseminar kor medlemmane i styret fekk ei innføring i dei ulike fagområda, planverket og dei interne og eksterne rammene ved NMH. Val av det nye rektorat førte også til utskifting i utval og verv i perioden fram til 31.07.2025. Sjå også oversikt i kapittel 2.

GRØNT NMH

NMH har frå hausten 2021 sett i gang prosessen for å bli Miljøfyrtårnsertifisert. Denne prosessen gjer eit grundig, langsiktig og miljøfagleg solid fundament for

miljøarbeidet ved NMH. For å forankre arbeidet breitt blant studentar og tilsette har vi òg oppretta prosjektet *Grønt NMH* med ei eiga prosjektgruppe. Prosjektgruppa har gitt innspel til ulike styringsdokument ved NMH og den generelle prosessen.

Miljøfyrtårn. Det blir stilt ei rekke krav for å bli Miljøfyrtårnsertifisert, mellom anna ei miljøkartlegging og ein årleg klima- og miljørapport. Miljøkartlegginga skal sikre at NMH har på plass fleire av kriteria innanfor arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport og avfall og ombruk. Klima- og miljørapporten kartlegg NMHs klimaavtrykk. Vi skal rapportere årleg på energibruk, avfall, arbeidsmiljø, ombruk, tiltak og handlingsplan med mål. Gjennom rapporten får NMH etablert ei grunnlinje for framtidig miljøarbeid, og vi kan samanlikne eigen miljøprestasjon med andre.

Miljøleiing. Eit hovudmål med sertifiseringsprosessen er å få på plass eit miljøleiingsystem. Vi skal produsere retningslinjer for reise, avfall, innkjøp, og eit overordna styringsdokument for klima- og berekraft. Vi legg òg opp til avvikskontroll med miljøårshjul, sjekk av systemet, energiavlesing og vernerundar.

I 2022 skal vi få på plass sentrale styringsdokument som mellom anna reisepolicy og handlingsplan for klima- og bærekraft. Dokumenta vil gjere oss i betre stand til å talfeste ambisjonar og jobbe mot konkrete tiltak for ein lengre periode. Gjennom den overordna klima- og bærekraftpolitikken vil vi talfeste målsetjingar for reiser, transport, avfall og innkjøp.

HEILSKAPLEG PERSONALPOLITIKK

Det har også i 2021 vore naudsynt å omprioritere oppgåver og fordele personalressursar tilsvarande. Arbeidet med å utarbeide ein heilskapleg personalpolitikk for NMH vil difor vere ei prioritert oppgåve først i 2022. Arbeidet vil bli forankra i overordna personalpolitiske føringar og satsingsområde, og i dei strategiske ambisjonane for området.

SAMARBEID MED AHO OG KHIO

NMH samarbeider med Kunsthøgskolen i Oslo (KhiO) og Arkitektøgskolen (AHO) om fleire felles løysingar. Vi har felles personvernombod, felles studentombod og felles rederlegheitsutval. KhiO og NMH har i tillegg ei felles nemnd for å vere skikka for dei utdanningane våre som er omfatta av denne lovgivinga.

CAMPUSUTVIKLING

Statsbygg leverte i januar 2021 ei konseptvalutgreiing (KVU) for å på plass ei permanent løysing på NMHs arealbehov. Bakgrunnen er at NMH har hatt ein auke i studenttalet på over 50 % ut over det dagens bygningar er dimensjonert for. I tillegg er aktiviteten auka gjennom stipendiatstillingar og eksternfinansiert verksemd, og vi ventar at det aukar meir på desse områda dei neste åra. I løpet av avtaleperioden (sjå utviklingsavtalen side 18) skal NMH vurdere og sette i gang tiltak for å sikre optimal utnytting av arealet og sikre mellombels arealløysingar. Konseptvalutgreiinga tilrår nybygg, men før det står ferdig, rustar vi opp dei lokala vi har.

Difor sendte NMH i mars ei søknad om middel til å oppgradere og tilpasse forskings- og utdanningsarealet. I juni kom løyvinga frå KD til å ruste opp Bevegelsesrommet (4 millionar kroner), Lindemansalen (0,4 millionar kroner) og elektrofonistudioet (0,542 millionar kroner).

Elektrofonistudio. Elektrofonistudioet blei bygd i 1990, og sidan då har nytt utstyr og ny programvare revolusjonert måten vi arbeider med musikk på. Oppgraderinga av elektrofonistudioet har ei kostnadsramme på 2,850 millionar kroner. Av det er 0,542 millionar kroner finansiert av supplerande KD-løyving. Det manglar fortsatt nokre møbel og utstyr på grunn av leveringsproblem som følge av korona. Ombygginga aukar dei fysiske moglegheitene, noko som er ein føresetnad for kvalitet i forskning og undervisning. Studioet vil gi studentar og lærarar eit heilt nytt tilbod og moglegheiter for *Live Electronics* og bruk av media, video, undervisning i utøvande musikk, performance og forskning. Ombygginga skal vere ferdig i april 2022.

Ombygging av Bevegelsesrommet til Black Box. Forprosjektet er godt i gang. Statsbygg er prosjektleiar og NMH stiller med lokal fagkompetanse. Vi planlegg å bygge om Bevegelsesrommet til eit fleirbruksrom med eigna akustikk og tekniske installasjonar for øving og preproduksjon. I rommet skal det vere mogleg med moderne bruk av lyd, bilde og sceniske installasjonar. Rommet vil bli akustisk tilpassa med elektroakustisk klanganlegg og vil gi unik tilpassing til den aktuelle bruken. Det vil fremme moderne undervisning og forskning, og auke læringsutbyttet. Vi ser på det som ei særskilt viktig oppgradering av dei eksisterande lokala våre, for å både ta omsyn til HMS og nye behov. Vi planlegg å fullføre prosjektet sommaren 2023.

Sceneprosjekt Lindemansalen. Også her er forprosjektet i gang. Vi planlegg å tilpasse lyd- og lysinstallasjonane i salen for å gi meir fleksibilitet. Dette gir fleire moglegheiter for moderne undervisning og forskning, og aukar læringsutbyttet. I tillegg gir det auka profesjonalitet og sikkerheit ved arrangementa våre og ved annan aktivitet. Vi planlegg å fullføre prosjektet sommaren 2023. ●

ORGANISASJON OG DRIFT – RESULTAT	2018	2019	2020	2021
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk	236,4	249,2	239,7	219,1
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar	37,1 %	43,4 %	41,9 %	33,6 % ¹
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskerstillingar	7,5 %	6,3 %	7,9 %	5,8 %
Delen løn av totale inntekter	63,2 %	62,6 %	62,3 %	61,1 %

1. Den store skilnaden frå 2019 til 2020 er på grunn av at relativt mange kvinner i toppstillingar har slutta på grunn av pensjonering og avslutning av åremålstilsetting.

04

OG

STYRING O

L

KONTROLL

EMDA

AV VERKSE

STYRING OG KONTROLL

Vi jobbar heile tida med å effektivisere prosesser, samstundes som vi har merksemda på kvalitet. Den overordna vurderinga av NMHs styring og kontroll, er at den er god, og at risikoen for brot på lovar og regler er låg.

SYSTEM FOR INTERNKONTROLL OG RISIKOSTYRING

NMH har system for internkontroll for økonomi, studia og personale. Systemet har retningslinjer, policy-dokument og rutinebeskrivingar kopla til mål- og resultatstyring, risikostyring og internkontroll, budsjett og rekneskap, prosjektstyring, investeringsoppfølging og evaluering.

Vi følger dei grunnleggjande styringsprinsippa i staten, jf. §4 i økonomireglementet, og meiner å oppfylle krava i økonomireglementet §§ 4 og 14 og avgjerdene punkt 2.4 om internkontroll. Ein internrekneskap gir oss oversikt og kontroll over aktivitetar på ulike nivå, inndelt etter stadkoder, formål og prosjekt. Det gir ei mogelegheit for resultatoppfølging og planlegging.

NMH har òg eit eige system for sikring og utvikling av utdanningskvalitet. Det systematiske kvalitetsarbeidet gir naudsynt og viktig informasjon om utdanningskvaliteten. Vi har særskilde retningslinjer og rutinebeskrivingar for søkartal og studentopptak, studietilbod, internasjonallisering, studiegjennomføring, læringsmiljø, studentmedverknad og kompetansen blant fagpersonalet.

Kvart år gjennomfører vi risikovurderingar i samband med at vi planlegg og utarbeider mål og tiltak. Vi har ingen revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen.

UNIVERSELL UTFORMING

Nettsida har vore universelt utforma (UU) sidan oppstarten i august 2020. I 2021 har vi intensivert arbeidet med å gjere alle system UU.

Opplæring. Ei arbeidsgruppe har jobba for å auke kompetansen på universell utforming i heile organisasjonen. Alle seksjonar har fått ei fysisk eller digital opplæring, og det er oppretta kontaktpersonar for UU i alle

administrative og faglege seksjonar. På nettsida ligg det òg rettleingar til dokumenttypar, malar, lenker til eksterne kjelder og generell informasjon om UU. Arbeidsgruppa skal vidare særskilt følge opp seksjonar som har stor produksjon av digitale dokument i pedagogisk samanheng.

Målet er mellom anna at alle tilsette veit kva universell utforming av digitale læremiddel betyr, at dei kan bruke det og at dei veit korleis dei får hjelp.

System. Saman med systemutviklar Tietoevry har vi gått gjennom arkivsystemet Public 360 og alle malane som blir produserte automatisk av arkivsystemet, slik at dei no er korrekt utforma etter UU-krava. Arbeidsgruppa er òg involvert for å følge opp UU-krav til digitale læringsystem, som systemet Panopto for opptak og deling av video og læringsplattforma Canvas.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Utover at beredskapsgruppa har vore aktiv i heile pandemi-perioden har vi hatt ei ekstern evaluering av arbeidet til beredskapsgruppa. Sjå kapittel 3, side 21.

Øvingar. Beredskapsøvinga i 2021 hadde arbeidstittel *Uønskt digital hending* og scenarioet handla om personopplysningar på avvege. I øvinga deltok ei hensiktsmessig gruppe tilsette, og øvinga blei leia av ein konsulent frå Sikkerhetsledelse as, som leverte ein rapport etter øvinga. Læringspunkta frå øvinga har bidrege til at vi har laga tiltakskort for digitale hendingar. På bakgrunn av dei to siste øvingane har vi òg laga ein kontinuitetsplan for *uønskte digitale hendingar som utfordrar normal drift og for ivaretaking av informasjonstryggleiken og personvernet*. Planen inneheld førebyggjande tiltak som er innførte, repeterande tiltak som til dømes opplæring og haldningsskapande arbeid og tiltak set i verk ved ei eventuell hending.

Tryggleik. Dei siste åra har det vore noko forseinking med etterarbeidet, som læringspunkt og tiltaksplanar med meir, knytt til øvingane. Dei siste øvingane våre er beredskapsøving i 2018, IKT-beredskapsøving i april 2019,

beredskapsøving i januar 2020 og den digitale beredskapsøvinga i desember 2021. Erfaring, læringspunkt og oppfølgings- og tiltaksplanar frå desse øvingane er no implementerte i rutinar og planverk.

Revisjon av planverket og ROS gjennomførte vi sist i desember 2021. Den størst voksande trusselen er digital, utover pandemien og noko utfordring med å oppretthalde ordinær drift ved høgt sjukefråvær. Planverket inneheld mellom anna beredskapsorganisasjonen med namn og roller, tiltakskort og planer for ulike hendingar, krisekommunikasjonsplan, oppdatert pandemiplan og branninstruks. Vi har òg nyleg laga eit årshjul, ein treårsplan for revisjonar og øvingar.

NMH er med i beredskapsnettverket i UH-sektoren med møte og røynsleutvekslingar. Vi deltok òg på beredskapskonferansen for kunnskapssektoren i april 2021.

Seksjonsleiarar har i kraft av rolla som systemeigarar gjennomført risikovurderingar på kritiske funksjonar i seksjonane. Vi har kartlagt bruken vår av programvare som eventuelt kjem i konflikt med Schrems-dommen. Vi deltok på *Nasjonal tryggleiksmånad*. Vi har òg utarbeidd ein kontinuitetsplan som beskriv rutinar og tiltak som skal virke førebyggjande, og tiltak og prosedyrar ved ei eventuell hending. Dette er blant anna basert på læringspunkt frå de to siste digitale øvingane våre.

Av IT-tekniske tiltak har vi installert ei brannmur-løysing som analyserer og kontrollerer all inn- og utgåande trafikk. Både UNIT/Sikt og Fence har gjennomført tekniske sårbarheitstestar mot NMH sitt nett. Testane viste få og mindre kritiske funn som er utbedra. Vi har innført tofaktor-autentisering på kritiske tilgangar. Vi har rutinar for at ny-installasjonar blir gjort i eit testmiljø med risikovurderingar. Dette gjeld òg alle større forbetringar og konverteringar. NMH har fått to uavhengige fiberkoplingar inn til campus. Vi har utvida NMHs CERT-team som samarbeider med UH-sektorens CERT, og vi har vidareført avtalar med Sikkerhetsledelse & Fence.

Personvern. Vi har vidareført avtalen med eksternt personvernombod, inkludert samarbeidet med andre høgskolar i Oslo.

Revisjon av informasjonstryggleiks- og personvernarbeidet. I desember hadde vi ein revisjon av arbeidet vårt på dette feltet i regi av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Revisjonen gir eit godt og nyansert bilde av status ved NMH. Ikkje alle planar og ambisjonar for 2021 er gjennomførte, og hovudårsaka handlar om bemanning. Når seksjonsleiar for økonomi, personal og arkiv snart tiltrer, vil vi få gjennomført det utestående arbeidet med personvern. IT-leiar har merksemda retta mot informasjonstryggleiken og vil samarbeide med ny seksjonsleiar.

Følgjande tilrådde tiltak i rapporten frå HK-dir er allereie gjennomført: Utarbeide tiltakskort for handsaming av alvorlege brot på personopplysingstryggleiken, som opplysingar på avvege. Etablere ein plan for å halde i gang kjerneoppgåver i kjølvatnet av alvorlege informasjonstryggleikshendingar (kontinuitet).

INKLUDERINGSDUGNAD

Rutinane for rekrutteringsarbeidet ved NMH omfattar tiltak knytt til mellom anna korleis vi utformar utlysingstekstarog vel ut kandidatar til intervju – tiltak som har vore retta mot mellom anna søkarar med nedsett funksjonsevne. Det er ikkje tilsett nokon med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en i 2021. Vi vil vurdere nærare kva tiltak som kan vere hensiktsmessig å sette i verk for å nå måla i regjeringas inkluderingsdugnad – både på kort og på lang sikt. Det vil vere naturleg å sjå ein slik tiltaksplan i samanheng med dei strategiske ambisjonane våre knytt til mangfald og den verknaden mangfald har ved skolen vår.

MANGFALD OG LIKESTILLING

Mangfald på NMH handlar om å anerkjenne og gi plass til eit breitt spekter av menneskelege, musikkfaglege, sosiale og kulturelle uttrykk, bakgrunnar, kompetansar og perspektiv. Slikt mangfald spring ut av inkluderande og ikkje-diskriminerande fellesskap. Vi ønsker difor å fremme slike fellesskap, der menneske kan møtast, verke, skape og vere trygge.

NMHs mangfaldserklæring, vedteke av Utval for mangfald og likestilling desember 2021.

For NMH handlar mangfald om meir enn kjønn, bakgrunn, språk og etnisitet. Mangfald handlar også om kulturuttrykk i musikalsk tyding – musikalsk mangfald.

Det er få søkarar frå etniske minoriteter til musikkutdanningar i Norge. Vi diskuterer og arbeider med studietilbodet for å utvide rekrutteringsgrunnlaget til NMH. Denne problemstillinga blir mellom anna teke opp i samanheng med talentutviklingsprogrammet (TUP). Det er oppretta ein TUP tenketank, der dette er tema. Mangfald og rekruttering er også ein del av arbeidet med å revidere studieplanane. Vi håper å få sett mangfald meir på dagsorden i interne fora når pandemien gjer det mogleg med fleire fysiske debattar.

ETISKE RETNINGSLINJER OG ROLLEFORSTÅING

Ved NMH arbeider vi generelt med gjere studentar og tilsette bevisst på rollene og relasjonen mellom lærar og student. Forholdet vil vere asymmetrisk sidan læraren har meir autoritet, makt og kunnskap. Sjå også under avsnittet om varsling.

Dei etiske retningslinjene for statstenesta gjeld for alle tilsette ved NMH. Lærarar og rettleiarar må i tillegg følge dei etiske retningslinjene som gjeld for undervisning og rettleiing.

BEVISSTGJERING

Utval for mangfald og likestilling har tidlegare gjennomført fleire møte med seksjonsleiarar for å forankre merksemda kring mangfald og likestilling på NMH. Tema for møta har mellom anna vore status for likestilling og mangfald i seksjonen. Seksjonane er bedne om å kartlegge risikoar for diskriminering eller andre hindre for likestilling, og kva som er årsaka.

Det er oppretta dialog om mellom anna kva tiltak kvar enkelt seksjon kan sette i gang. Desse møta er ein del av eit langsiktig arbeid for å gjere dei tilsette meir bevisste på mangfald og likestilling.

Studentrepresentanten i Utval for mangfald og likestilling orienterer i kvart møte frå studentanes ståstad.

VARSLING

Studentar og tilsette kan melde frå om tilhøve som ikkje er bra mellom anna via *Sei ifrå-knappen* på nettsidene. I 2021 har vi fått inn 6 saker gjennom dette avvikssystemet. To av sakene var varslar om uønskt seksuell merksemd. Desse sakene blei handterte delvis av rektoratet og delvis av studie- og FoU-sjefen. Dei fire andre sakene omhandla HMS-relaterte hendingar, studieplanlegging og kjønnsfordeling i tilsetting av utøvarlærarar og blei handtert eller svara ut i linja.

I 2021 har vi jobba med å utbetre informasjon om, og sjølv systemet *sei ifrå* for at studentane skal oppleve at det er trygt å melde frå om uønskte hendingar. Studentane har hatt representantar i arbeidsgruppa, og vi har tru på at det betra systemet vil senke terskelen for å varsle.

For å hindre seksuell trakassering er det naudsynt å jobbe på mange plan. NMH har klare retningslinjer og prosedyrar for oppfølging dersom det blir melde inn saker. Men vi jobbar også med bevisstgjerings og strukturelle endringar, som vil bidra til å førebygge. Maktstrukturar i relasjonen mellom lærar og student står sentralt i musikkutdanningar som er prega av mykje ein-til-ein undervisning, og der nettverk er viktig for å få jobbar. Dette er eit stort tema som rektoratet har høgt opp på sin agenda, og som dei vil jobbe med i åra som kjem.

RISIKOAR SOM HINDRAR MANGFALD OG LIKESTILLING

Vi har så langt identifisert følgjande risikoar:

- **Risiko:** Kjønnsubalanse ved rekruttering til stillingar. **Tiltak:** Leitekomiteane får eit tydelegare mandat som omfattar rapportering og dokumentasjon av prosessen for å identifisere søkarar av det underrepresenterte kjønn.
- **Risiko:** Skeiv kjønnsbalanse i repertoar og faginnhald. **Tiltak:** Temaet er diskutert i møta med seksjonsleiarane, og blir teke opp i diskusjonsforum med studentar og tilsette. Vi planlegg også at studentane skal rapportere på komponistanes kjønn når dei meld inn eksamensrepertoaret.
- **Risiko:** Arbeidet på NMH er ikkje tilpassa alle livsfasar. **Tiltak:** Arbeidet med å utarbeide ein heilskapleg personalpolitikk er eit prioritert område i 2022.
- **Risiko:** Alt skriftleg materiale er ikkje universelt utforma. **Tiltak:** Det går føre seg eit arbeid på NMH for å gjere dokument, malar og læremiddel universelt utforma. Sjå side 38.
- **Risiko:** Student og lærer har ein relasjon utanfor undervisningsinstitusjonen, til dømes som kollegaar i orkester eller band. **Tiltak:** Dette handlar om bevisstgjerings og rolleforståing. Temaet er fast på dagsorden, og blir diskutert.
- **Risiko:** Tilsette og studentar tør ikkje varsle om kritikkverdige tilhøve. **Tiltak:** Sei ifrå-knappen og rutine ved varsling er gjennomgått i 2021 (sjå Varsling). Studentkontaktar og eit aktivt studentutval bidreg òg til trygghet.
- **Risiko:** Skjult rasisme blant studentar og tilsette på NMH. **Tiltak:** Temaet har blitt teke opp i ulike diskusjonsforum, og vi set lys på det med ulike vinklar i artikkelar i dei ulike kommunikasjonsplattformane våre.

KARTLEGGING

Vi vil fortsette arbeidet med å kartlegge kjønnsbalanse blant søkarar til studia, blant dei som sit i utval, i juryar og i leiinga. Det gjer vi for å auke merksemda på representativitet i dei ulike organa.

Juryane: Det var 65,6 % menn og 34,3 % kvinner i eksamensjuryane i 2021. Det har ikkje blitt jamnare kjønnsbalanse sidan tidlegare år. I 2021 møtte 62 av 161 eksamenskandidatar på praktisk avsluttande eksamen ein jury med berre menn. I opptaksjuryene er balansen 72,8 % menn og 27,2 % kvinner. Det er inga betring i kjønnsbalansen sidan året før.

Utvala: Kjønnsfordelinga blant medlemmar i utvala er jamn – rundt 50 % av kvart kjønn, med ein liten overvekt av menn. Slik har det vore dei siste åra. Sjølv om kjønnsfordelinga er jamn i utvala, har det over lag tid vore ein stor overvekt av mannlige utvalsleiarar. Dette snudde i august 2021. Då var det for første gong fleire kvinnelege enn mannlige utvalsleiarar. Prosentdelen gjekk opp frå 29 % til 56,7 %.

Løn: Oversikta viser gjennomsnittsløn for heile NMH, på tvers av stillingsgrupper. Derfor viser ikkje tala at det er ulike delar av kvinner og menn i ulike stillingsgrupper, mens det eigentleg ikkje er store skilnader i løn innafor same stillingsgruppe. I seinare årsrapportar vil vi utarbeide samanlikningstal innafor ulike stillingsgrupper. Vi er godt i gang med å sjå på ulike tilhøve som vil bety

noko for arbeidet med å kartlegge løn og ufrivillig deltid. Vi vil ha særleg merksemd på kartleggingane i første halvår av 2022.

Søkarar og opptekne studentar: Når det gjeld kjønnsfordeling på utdanningane til NMH er tendensen på overordna nivå nokså jamn medan det på programnivå er meir sprikande. Vi ser, som vist i tabellen, at noko av skeivheita på søkarnivå blir jamna ut i opptaksprosessen: det er fleire mannlige søkarar både på bachelor- og masterstudia medan det blir teke opp tilnærma likt på bachelorstudia og fleire kvinner på masterstudia.

Vidareutdanningane har eit klart fleirtal av kvinner både når det gjeld søknadar og opptekne studentar. Her kan ein på programnivå sjå at særleg for utdanningane *Kulturledelse* og *Praksisveileder* er det nesten berre kvinner som søker og blir teke opp. Tendensen er omvent på PPU der det er flest mannlige studentar.

Andre utdanningar som utpeikar seg med særleg skeiv kjønnsbalanse er bachelorprogrammet i improvisert musikk/jazz med få kvinner. Dei kvinnene som søker og kjem inn har også i stor grad song som hovudinstrument. Vidare har masterstudiet i musikkteori utelukkande mannlige søkarar og studentar medan masterstudiet i musikkterapi har eit særleg fleirtal av kvinnelege søkarar og vidare opptekne studentar.

TILSETTE	2018	2019	2020	2021
Antall ansatte totalt	211,62	217,76	224,96	232,88
Antall menn totalt	119,56	120,42	124,66	127,36
Antall kvinner totalt	92,06	97,34	100,3	105,52
Kvinneandel totalt	43,5 %	44,7 %	44,6 %	45,3 %
Kvinneandel administrative stillinger	58,3 %	56,8 %	54,5 %	56,4 %
Kvinneandel undervisning og forskning	36,5 %	38,7 %	39,8 %	40,1 %

JURYANE 2021	Menn	Kvinner
Prosentdel medlemmar i opptaksjuryar master	71,9 %	28,1 %
Prosentdel medlemmar i opptaksjuryar bachelor	73,7 %	26,3 %
Prosentdel medlemmar i opptaksjuryar totalt	72,8 %	27,2 %
Prosentdel leiarar i opptaksjuryar totalt	75,0 %	25,0 %
Prosentdel medlemmar i eksamensjuryar	65,6 %	34,3 %

LEIINGA AUGUST 2021	Menn	Kvinner
Rektoratet	2	2
Direktør		1
Administrative leiarar	4	2
Fagseksjonsleiarar	3	4
Senterleiarar	1	3
Studieleiarar	24	15
Prosentdel	55,7 %	44,3 %

UTVALA AUGUST 2021	Menn	Kvinner
Medlemmar i utvala	133	112
Leiarar i utvala	13	17
Prosentdel medlemmar i utvala	54,3 %	45,7 %
Prosentdel leiarar i utvala	43,3 %	56,7 %

LØN 2021	Menn	Kvinner
Gjennomsnittsløn heile tal	657 228	609 003
Gjennomsnittsløn prosentdel	51,90	48,10

SØKARAR 2021	Kvinnelege	Mannlege	Kvinner teke opp	Menn teke opp
Bachelor	450	547	45	48
Master	259	302	62	55
Vidareutdanning	383	362	130	97
Søkarar totalt	1092	1211	237	200

FORSKING 2020	Menn	Kvinner
Prosjekteltakarar i nye prosjekt 2021. Kjelder: Prosjektarkivet og Polyfon	3	16
Forfattarar og redaktørar i NMH-publikasjonar, i publikasjonar registrerte i Research Catalogue og på Nordic Open Access Scholarly Publishing	11	42
Prosentdel	19 %	81 %

05

G AV

VURDERING

UTSIKTER

FRAMTIDS

FRAMTIDSUTSIKTER

NMHs strategiske prioriteringar for 2022 bygger på måla beskrivne i dokumentet *I samspel - strategi 2025* og i utviklingsavtalen mellom NMH og Kunnskapsdepartementet - begge med delmål og ambisjonar for perioden 2019-2022.

UTVIKLINGSAVTALEN

Utviklingsavtalen omfattar følgande tema:

1. Nasjonale utdanningsbehov og studieportefølje
2. Kunst og vitenskap
3. Undervisningskompetanse
4. Campusutvikling

Dei tre første temaa bygger på rolla NMH har som aktør og samarbeidspartnar i eit nasjonalt og internasjonalt forskings- og utdanningstilbod. Det fjerde temaet er knytt til behovet for utviding av areala våre. Sjå også side 16-18.

STRATEGIEN

I samspel - strategi 2025 omfattar 22 ambisjonar fordelte på fem målområde:

1. Studenten i front
2. I møte med morgondagen
3. Kunst og vitenskap i samspel
4. Kultur for samhandling
5. I dialog med omverda

Dei prioriterte tiltaka for 2022 er sett opp under desse fem målområda, og er formulerte av rektoratet i samråd med fagseksjonane.

01 Studenten i front

NMH set utvikling av studentens sjølvstende og kunstnarlege identitet i front. Studentanes perspektiv skal vere førande for utviklinga av studietilbod, læringsformer og vurderingsformer.

AMBISJONAR 2022

Studenten som utforskande kunstnar. NMH skal stimulere studentanes utvikling mot å bli aktive, reflekterande og utforskande kunstnarar. Vi skal oppmode til metodisk utprøving av kunstnarlege prosesser og utforskning av eigen praksis.

Læringsmiljøet bidreg til å utvikle studentanes sjølvstende. Vi skal legge vekt på studentanes eigarskap til eigen læring og gi dei tilgang til høgskolens kompetanse og faglige ressursar på tvers av fagmiljø, studieretningar og sjangrar. NMH skal fremme ein delings- og samarbeidskultur, som bidreg til at studentane lærer av kvarandre.

Læringsmiljøet styrkar studentens trivsel og helse. Vi skal ha fokus på førebygging av belastningsskader og utvikling av gode arbeidsvaner. Vi skal auke bevisstheit og kunnskap om kva som bidreg til helse og trivsel hos studentane, og jobbe målretta for å styrke dette feltet.

NMH har ein kvalitetskultur som bidreg til utvikling og fornying. Vi skal utvide kontakten med arbeidslivet og med tidlegare studentar for å styrke studias kopling til profesjonell praksis. Vi skal vidareutvikle verktøy for fortlaupande evaluering på emnenivå og tydeliggjere samanhengen mellom enkelttemna i kvar studieplan.

PRIORITERTE TILTAK 2022

- + Revidere studiedimensjoneringsplan med tanke på framtidens musikkliv, og sjå den i samheng med revisjon av fagleg stillingsplan.
- + Styrke samarbeidet med aktørar i studentanes framtidige arbeidsliv, og legge refleksjonar om livet etter at utdanninga er ferdig inn i fleire emne og aktivitetar på NMH.
- + Gå inn i bilaterale avtalar om samarbeid og arbeidsdeling med minst tre norske musikkutdanningsinstitusjonar
- + Utvikle, samle og gjere synleg tilbod innafor musikhelse og knytte det sterkare til utdanninga.

02 I møte med morgondagen

Musikklivet er i endring. Morgondagens musikarar må vere førebudd på å møte nye krav til breidde og allsidig kompetanse. NMH møter morgondagen med kunnskap, openheit og vilje til fornying.

AMBISJONAR 2022

NMH møter morgondagen med kunnskap og openheit. Vi skal greie ut behovet samfunnet har for høgare musikkutdanning og kartlegge behov for omstilling. Vi skal møte morgondagen med openheit for innovasjon og nye kompetansar, og bygge på studentane og dei tilsette sine idear og engasjement for å utvikle institusjonen.

Digital teknologi fremmer fleksibilitet og fornying. Vi skal ta i bruk teknologiske løysingar som fremmer læring, samhandling, kunnskapsdeling og effektivitet. Vi skal stimulere til utvikling og bruk av digitale verktøy i den faglege verksemda, med sikte på å vere i kunnskapsfronten for fagområda våre og gå i front i profesjonsutviklinga.

Studia er tilpassa eit musikkliv i endring. Studietilbodet vårt skal gi moglegheit for mangfaldige karriereval. Vi skal fremme samspel mellom utøvande, skapande og kommunikativ kompetanse og skape gode føresetnader for studentanes veg inn i arbeidslivet.

NMH er ein arena for livslang læring. Vi skal styrke tilbodet av etter- og vidareutdanning i dialog med arbeidslivet for å bidra til at musikklivet kan møte utfordringane i eit samfunn under omstilling.

NMH er ein pådrivar for talentutvikling. NMH skal vere ein pådrivar for talentutvikling innan ulike musikalske sjangrar, nasjonalt, regionalt og lokalt. Vi skal bidra til å kvalifisere unge talent for opptak til høgare utdanning og skape møteplassar som stimulerer til nysgjerrighet, utvikling og fordjuping.

NMH bidreg til eit berekraftig samfunn. Vi skal kartlegge korleis NMH på best mulig måte kan stille seg til FN's berekraftsmål, og sette i verk tiltak som bidreg til det grøne skiftet.

PRIORITERTE TILTAK 2022

- + Utarbeide ein handlingsplan for å utvide etter- og vidareutdanningstilbodet i tråd med målsettinga i utviklingsavtalen og erfaringar frå eige alumniarbeid.
- + Utvikle ein handlingsplan med konkrete mål og ambisjonar for å redusere NMHs klimaavtrykk.

- + Bygge vidare på erfaringar frå koronaperioden og sette i verk tiltak som tar vare på kompetanse og kvalitet i bruk av digitale verktøy i alle delar av verksemda.
- + Arbeide vidare med planar for nybygg, og gjennomføre oppgraderingar av eksisterande bygg.

03 Kunst og vitenskap i samspel

I samspelet mellom kunst og vitenskap oppstår kunnskap og erkjennning som utfordrar vår forståing av musikken som kunstart og uttrykksform. FoU-verksemda ved NMH skal støtte opp om dette samspelet og bidra til å utvikle den musikkfaglege diskursen nasjonalt og internasjonalt.

AMBISJONAR 2022

FoU-verksemda bringer fram resultat på høgt internasjonalt nivå. FoU-ressursar skal bidra til å flytte kunnskapsfronten innan våre fagområde. FoU-resultata skal vere internasjonalt anerkjende og bidra til å utvikle den musikkfaglege diskursen.

FoU-verksemda er synleg på relevante arenaar. Vi skal styrke formidlinga av NMHs FoU-verksemd med eit innhald tilpassa målgrupper i spennet mellom akademia og kulturlivet. Vi skal stimulere våre tilsette til aktiv deltaking på dei fremste nasjonale og internasjonale forskingsarenaar.

NMH utviklar kunstnarleg utviklingsarbeid som omgrep og metode. Vi skal vere ein sentral aktør i utviklinga av kunstnarleg utviklingsarbeid nasjonalt og internasjonalt. Vi skal styrke kunstnarleg utviklingsarbeid som praksis og metode i bachelor- og masterprogramma.

Vi skal bruke FoU-ressursane strategisk og systematisk. Vi skal styrke FoU-verksemda gjennom strategisk prioritering av interne ressursar. Vi skal auke ekstern finansiering av FoU gjennom å styrke kompetansen innan prosjektutvikling og prosjektleiing.

Stipendiatane er godt integrert i NMHs verksemd. Vi skal styrke stipendiatanes tilhøyrsløse i fagmiljøa og kople stipendiatstillingane til strategiske satsingar og større FoU-prosjekt. Vi skal utvikle eit stabilt og levedyktig ph.d.-program i kunstnarleg utviklingsarbeid og fremme samspelet mellom stipendiatar frå ulike programmer.

PRIORITERTE TILTAK 2022

- + Styrke koplinga mellom utdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid og forskning gjennom auka samarbeid og kunnskapsdeling, samt gjere synleg pågåande prosjekt som involverer lærarar og studentar nasjonalt og internasjonalt.
- + Gjere tydeligare FoU-sentras rolle i organisasjonen og utarbeide mandat i lys av mål og ambisjonar i FoU-strategien.
- + Sørge for å føre vidare og implementere arbeidet til CEMPE i organisasjonen.

04 Kultur for samhandling

NMHs kultur fremmer deling, samarbeid og samhandling. Vi legg til rette for gode møteplassar mellom studentar og tilsette, driv strategisk leiarutvikling og kontinuerlig utvikling av eit inkluderande og inspirerande fellesskap.

AMBISJONAR 2022

NMH fremmer samhandling og deling. Vi skal utvikle ein kultur som fremmer samhandling og kunnskapsdeling

gjennom involvering og opne prosessar. Arbeidsforma- ne våre skal styrke samspelet i organisasjonen gjennom teambygging og prosjekt på tvers av einingane.

NMH har internasjonalt leiande fagmiljø. Vi skal utvikle robuste fagmiljø med tydeleg profil, eigenart og faglig mangfald. Vi skal styrke den utdanningsfaglege kompetansen gjennom CEMPE og ei ordning for merittering av pedagogisk kompetanse.

